


Leidarsteidn




Årshefte 2009
Bømlo Tur- og Sogelag

Pris kr 80,-

Innhald

Forord ved leiar i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s. 3
Tillitsvalde.....	s. 4
Hermansen-familien på Lykling.....	s. 5
Kvar vart båtane av?.....	s. 19
No 95 Hierdtnes.....	s. 30
Geitung skulesoge.....	s. 37
Plankehytta som fekk evig liv.....	s. 46
Tankar om naboskap i Sollien på 50-talet.....	s. 49
Klassebilete frå 1957.....	s. 50
Før og no.....	s. 51
Baksiddebilete.....	s. 52



Forord

2009 har vore eit år utan dei store hendingane for Bømlo Tur- og Sogelag. Dei tradisjonelle arrangementa har gått sin vante gang. Eg tenkjer no på skjærtorsdag på Berge, dansegalla saman med dei andre laga i bygda og kystsogedagane. I år var kystsogedagane svært bra økonomisk for laga. Me har opparbeid oss gode rutiner på dette arrangementet, og det er noko som er kome for å bli.

På vedlikehaldssida er det no skifting av kledning og vindauge på Berge som står for tur. Det blir eit tungt økonomisk løft for laget. Dei andre bygningane våre har me stort sett kontroll over. Som alle veit eig me og Olsahuuset i Kåso. Dette har vorte ein svært tung økonomisk belastning for oss i det siste. Me har hatt omframt årsmøte og der vart det einstemmig vedteke at huset skal leggjast ut for salg. I skrivande stund veit me ikkje korleis det går, men me håper på å få att det me skuldar.

Sogelaget har i år motteke ei stor gave frå Simon Eidesviks minnefond. Tusen takk for gava.

Sidan du les dette er det vel unødvendig å seia at Leidarsteidn kom ut i år og. Den er vorte svært populær og er noko folk forventar skal koma til jul. Me kunne svært gjerne tenkja oss fleire bidragsytarar / forfattarar til Leidarsteidn. Berre ta kontakt. Me har eksmplar att frå alle årgangane bortsett frå 2001 og 2005

Bømlo Tur og Sogelag vil med dette ynskja alle leesarane ei
Riktig God Jul og eit Godt Nytt År!

Norvald Nytveit
Leiar Bømlo Tur- og Sogelag

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Tlf. 53 42 60 70 / Fax 53 42 60 71

Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet i 2009

Styret

Faste medlemer av styret

Leiar	Norvald Nyteit, 1 år (gj.val)
Nestleiar	Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Kasserar	Silje Vorland, 2 år (ny)
Sekretær	Odd Engen, 1 år
Styremedlem	Berge Olson, 1 år
Styremedlem	Anne Grete Engen, 1 år

Arrangementsnemnd

Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Endre Barane, 2 år (gj.val)
Ove Aga, 2 år (gj.val)
Anne Karin Pedersen, 2 år (gj.val)
Torhild N. Vika, 2 år (gj.val)
Jan A. Monsen, 1 år (ny)
Tjerand Pettersen, 1 år (ny)
Signe Lønning, 1 år (gj.val)
Liv Olson, 1 år (gj.val)
Hildegunn Strand, 1 år (ny)

Nemnd for merking av stiar

Liv Olson, 1 år
Arne Lønning, 1 år
Reinert Hovland, 2 år (gj.val)

Valnemnd

Mie Grover
Torunn Skippervik
Øyvind Monsen

Internett

<http://www.bomloturogsogelag.no>

Varamedl. til styret:

Nils Peder Holme, 1 år (gj.val)
Inger Anne Hovland, 1 år (gj.val)

Restaureringsnemnd

Bergehuset	Knut Hegle, 2 år (gj.val)
Fridtun og	John Harald Bauge, 1 år (ny)
Hilleborgst.	Arne Vorland, 2 år (gj.val)
Kvernhus og	Leif Egil Barane, 1 år (gj.val)
Karinestova	Ståle Vorland, 2 år (gj.val)
Saga	Normann Larsen, 1 år (gj.val)
Ådnahytta	Arvid Samdal, 2 år (gj.val)
Kvernhus på	Nils Peder Holme, 1 år (gj.val)
Bergeseidet	Lars Inge Vestvik, 1 år (ny)
	Reinert Hovland, 2 år (gj.val)

Skriftstyre

Bernt Emil Vika
Odd Engen
Norvald Nyteit
Berge Olson

Hus-styre for Olsahuset

Signe Lønning
Anne K. Pedersen
Magne Vika
Anne G. Engen



Hermansen-familien på Lykling

Av Bernt Emil Vika

Hermansen-familien på Lykling er ein spanande familie med ei rik og interessant historie. Det som enkelte av familiemedlemmene opplevde under krigen vekkjer spesiell interesse og må seiast å vera svært dramatisk.

I dette nummeret av Leidarsteidn vil vi presentera første del i historia om Hermansen-familien. Den vil omhandla foreldra Ole Andreas og Gustava og den eldste av sønene deira, Jan Hemann. Andre del, som handlar om sønene Paul, Peter og Olav, kjem i utgåva av Leidarsteidn for 2010.

Ole Andreas og Gustava Hermansen Første generasjon Hermansen på Lykling

Ole Andreas Hermansen vart fødd 31. mai 1874 i Ytre Arna. Omlag 12 år gammal vart han skada i den eine foten då han skulle fortøye ein robåt. Han skar seg på rusta metall, og såret ville ikkje gro. Eit års tid seinare var såret framleis ikkje grodd, og foten laut amputerast under kneet. Amputasjonen vart utført av bedriftslegen på staden, dr. Krohn, og foregjekk heime i stova.

Ein vanleg karriere for unge menn i Ytre Arna på den tida var arbeid på fabrikken i bygda. Men med den skaden han hadde pådratt seg var fabrikkarbeid ikkje mogeleg for Ole Andreas. Han måtte sjå seg om etter eit fysisk mindre krevjande yrke, og han kom fram til at lærarutdanning var noko som kunne passa for han. Han tok lærarseminaret på Stord, og var ferdig der i 1894, 20 år gammal. Då fekk han arbeid i Bremanger i Nordfjord, og var der i eitt år. Men han sökte seg vekk derifrå, og den 12. juni 1895 fekk han 3-delt post ved skulane på Geitung, Hiskjo og Andal. I tillegg hadde han ein mindre stilling i 1. kl. ved Skimmeland skule på Moster.

Han leigde husvære på Geitung, hos Paul

Baardsen og kona Sanna. Her møtte han dottera deira, Dina Gustava, f. 9. januar 1876, som han gifta seg med i 1898. Som ung hadde Gustava opplevd å mista tre vaksne brør på sjøen. Ho hadde ei stund vore i teneste hos John Daw, ein av direktørane ved gullgruvene på Tverborgvik. Ole Andreas vart verande på Geitung til han vart tilsett ved Lykling skule 29. desember 1899. Han hadde då også søkt stilling ved skulen på Meling og ved ein skule på Os. Men Gustava ville helst ikkje flytta så langt vekk, så han retta seg etter ønskjet hennar om å ta imot på Lykling. Her kjøpte dei ein eigedom nokre hundre meter bak skulen og bygde hus der i 1903. Det var jord nok til å fø 2 kyr, 6 - 8 sauер, gris og høns.

Hermansen hadde ord på seg for å vera ein dyktig lærar. Han greidde å formidla lærestoffet på ein god måte, og det stod stor respekt av han. På mange måtar var han også ein fargerik person i skulestova. Som skikken var på den tida måtte elevane fram til kateteret når dei skulle høyrast i leksa. Det hende nok ofte at ein og annan vart ståande fast og ikkje greppe greidde å svara på spørsmål dei fekk. Då kunne det henda at Hermansen tok



Ole Andreas møtte Gustava i 1895. Foto frå Johannes Hjelland

til å syngja "Eg ser på deg, og du ser på meg, eg ler å deg og du ler å meg ---". Dette skulle nok løysa opp i den trykte stemninga som hadde oppstått. Vidare kunne det henda at når ein elev skulle skriva t.d. eit tal på tavla, og talet ikkje vart så fint, så var Hermansen der med kritet og ordna på talet slik at det enda opp som ein figur av eit eller annan slag, ein katt, mus e.l. Han brukte også fele når dei skulle syngja. Det vert fortalt at mange "kom på låtten" når han drog bogen over strengene og stemde i med songen.

Skulehuset på Lykling var därleg og tumlelassen liten då Hermansen tok til som lærar ved skulen. I skulestyret hadde saka vore oppe ved fleire høve, både om bygging av nytt skulehus og evt. flytting av huset. Skuledirektøren stilte krav til storleik på huset og korleis det skulle byggjast. Han kunne heller ikkje forstå at det var naudsynt å flytta skulehuset til annan tomt. Saka enda opp med at nytt skulehus med to klasserom vart bygt på same tomta. Dette stod ferdig i 1918. Skulen var no 5-delt.

Ved skular på storleik med Lykling var det vanleg at ein mannleg lærar hadde storskulen og ein

kvinneleg lærar småskulen. I 1917 vart Marta Urdal tilsett som lærarinne i småskulen. I 24 år var Marta Urdal og Ole Andreas Hermansen kollegaer ved skulen. Marta gifta seg med Ole Martin Olson Sele og arbeidde ved skulen til 1951.

Ole Andreas Hermansen var ein samfunnsengasjert person og hadde mange tillitsverv. I 16 år var han formann i skulestyret i dåverande Bremnes kommune. Vidare var han kommunestyrrepresentant for Venstre, og sat i formannskapet. På kommunenivå var han også overformyndar. For å koma seg til møta på Svortland rodde han til Straumfjorden, ofte saman med Martin Sørenes. Han skal ha vore svært flink til å ro. Ole Andreas var også merkelovens tilsynsmann, dvs. at han var registreringsansvarleg for fiskebåtane i området. I ein periode var han formann i Finnås Lærarlag. Han var ihuga målmann og fråhaldsmann. Vidare var han formann i byggjenemnda for Lykling kyrkje som stod ferdig i 1912, og for Lykling bedehus, ferdig i 1929.

Også Gustava viste samfunnsengasjement, og var aktiv i arbeidet for Det Norske Misjonsselskap.

Heime i huset hadde Gustava og Ole Andreas telefonsentral i ei årrekke, frå ca 1910 til byrjinga på 1950-talet. Lykling fekk altså relativt tidleg telefon, medan straumen ikkje kom før rundt 1952. Det var ofte Gustava eller dotter deira Sanna som tok seg av telefonen. Jenta dei hadde i huspost, i mange år Gunnhild Hope, vart også sett til å passe sentralen. Eit fåtal av husstandane i Lykling-området hadde innlagt telefon på den tida, så det vart nok mange turar rundt i bygda med bod om telefon. Kom det telegram til Geitung var det ofte barna i familien som måtte ro ut med desse.

Ole Andreas fekk reist to vindmøller i nærleiken av huset. Ei var plassert på Grøvehaugen og ei lenger nede. Dei støypte fundamenta til vindmøllene står der framleis. Ole Andreas hadde fått tak i nokre store batteri frå skip, og sette batteria i andre etasje oppom trappa. Desse vart lada opp av vindmøllene og gav lys til to lyspærer, ei i bestestova og ei på kjøkkenet. Begge vindmøllene bles ned i stormar.

Ole Andreas og Gustava fekk i alt ti born; Jan Hermann f. 1898, Sanna Johanne, f. 1900 (døydde 1 år gammal), Sanna Johanne f. 1903, Paul Edvard, f. 1905 (døydde 1 år gammal), Paul Edvard, f. 1907, Olin, f. 1910, Anton Peter, f. 1912, Gustava Karoline (Lillemor) f. 1915, Olav Andreas f. 1918 (døydde 2 år gammal), Olav Andreas f. 1920.

Ole Andreas Hermansen var tilsett ved Lykling skule til han gjekk av med pensjon i 1941. For arbeide sitt fekk han Kongens fortjenestemedalje. Han døydde 7. juli 1961. Gustava døydde 1. desember 1963. Begge er gravlagde på kyrkjegarden ved Lykling kyrkje.

Etter denne korte presentasjonen av Ole Andreas og Gustava, skal denne artikkelen i all hovudsak handla om dei fire sønene deira, Jan Hermann,



Huset som Ole Andreas og Gustava bygde i 1903. Barnebarnet, Gunnar Hermansen, disponerer huset i dag. Det er fint restaurert og vert godt vedlikehalde. Biletet vart tatt av Gunnar Hermansen sommaren 2009.

Paul, Peter og Olav. Omtale av Jan Hermann vert presentert i dette nummeret av Leidarsteidn, Paul, Peter og Olav i nummeret for 2010. Spesielt skal ein fokusera på det dei opplevde i krigsåra 1940 – 45. Felles for dei alle var at dei tok klar avstand frå den tyske okkupasjonen av Noreg. Dette skulle på ulike måtar få store konsekvensar for dei i krigsåra. Men alle overlevde dei krigen, dels under svært dramatiske omstende.

Når det gjeld dei andre av borna i familien som vaks opp, var livet deira i korte trekk som følgjer;

Sanna, f. 1903, fekk polio 4 år gammal og døydde i 1924, berre 21 år gammal. Ho fekk tidleg ansvar for rikstelefonen i heimen deira.

Olin, f. 1910, tok handelskulen i Bergen og arbeidde i butikk der. Seinare fekk ho arbeid i butikk på Rubbestadneset, der mannen hennar, Torolv Thorbjørnsen, var tilsett på Wichman motorfabrikk. Dei flytta seinare til Bergen.

Gustava (Lillemor), f. 1915, tok folkehøgskulen på Halsnøy. Ho utdanna seg til sjukepleiar og fekk arbeid i Bruvik. Der vart ho gift med Anfinn Bruvik. Etter at ho vart enkje tok ho helsesøsterutdanning i Oslo og vart deretter helsesøster i Arna. Ho var også leiar for landsstyret i Hvite Bånd i mange år.



Ole Andreas og Gustava med den førstefødde, Jan Hermann. Foto frå Johannes Hjelland

Jan Hermann Hermansen

Flukta frå Espesvær med motorkutter "Kapp I"

Jan Hermann kom til verda 29. juli 1898. Oppveksten hadde han heime på garden på Lykling saman med mor og far, og søsken som kom til etter kvart. I 1915, 17 år gammal, tok han til på befalskulen i Bergen. Her var han i to år. Medan han var der deltok han m.a. i sløkkingsarbeidet under den store bybrannen i 1916. Etter at han var ferdig med befalskulen vart han konstituert lærar ved Katla og Rolfsnes krinsar frå 1917 til 1918.

Han gjekk på lærarskulen på Stord, og var ferdig der i 1921. Same året vart han tilsett som lærar ved Espesvær skule, og her skulle han koma til å vera store delar av det yrkesaktive livet sitt, fram til våren 1942.

Jan Hermann vart gift med Klara Helene Seljen Thorbjørnsen, fødd 16. mars 1900 i Skudeneshavn. Ho

tok også lærarskulen på Stord og var ferdig der i 1921, same året som Jan Hermann. Klara var først lærar i eitt år i Frøylandsdal i Samnanger, men vart i 1922 tilsett som lærar i Bømlo og Espesvær. Store delar av tida medan dei budde i Espesvær underviste ho ved Hillestvedt skule i Langevåg på Bømlo.

I tillegg til arbeidet ved skulen engasjerte Jan Hermann seg i dagleglivet på Espesvær. Han var m.a. med på å driva ein speidartropp på øya. Denne vart kalla "1. Espesvær tropp", og mottoet var "Ver klar". Troppen hadde eige hus til møteverksemd og aktivitetar. Dette huset fungerer i dag som grendahus i Espesvær.

I 1924 var han med å skipa Espesvær Helselag saman med jordmor Inga Størksen og postopnar Sjurine Mehus. Dei var også med i styringa av

laget ei årrekke. I 1938 deltok han i skipinga av ei barneforeining kalla "Havsula". Denne skulle arbeida for redningsselskapet og vart leia av Hilborg Paulsen og Hanna Bie Paulsen. "Havsula" vart seinare ei foreining for vaksne som arbeidde for redningsselskapet. Leiarane var dei same.

Jan Hermann var aktiv Arbeiderparti-politikar. Han var den første representanten frå Det Norske Arbeiderparti som vart vald inn i heradsstyre i dåverande Bømlo kommune.

Dei fleste som bur i Espesvær har ein eller annan form for båt. Jan Hermann og Klara var ikkje noko unntak i så måte. I alt hadde dei tre båtar medan dei var i Espesvær, først ein liten seglbåt, deretter ein open motorbåt og til slutt ein båt med kahytt som dei kunne overnattat i. Med den siste båten reiste dei om somrane over store delar av Vestlandet og Sørlandet.

Jan Hermann og Klara fekk to born, Solveig f. 18. juli 1929, og Jan Ottar, f. 19. mai 1939.

Den 9. april 1940 gjekk Hitler-Tyskland til åtak på Noreg med store styrkar. Etter omlag to månader med motstandskamp var dei norske styrkane nedkjempa og landet okkupert. Deretter starta den tyske okkupasjonsmakta eit målretta og nøye planlagt arbeid med å nazifisera det norske folket. Denne omforminga skulle i første rekke tena dei tyske krigsinteressene og bidra til tysk militær framgang. Men planen var at med tida skulle nasjonalsosialistiske idear og tankegang gjennomsyra heile det norske samfunnet. I denne prosessen var det viktig å få med seg norske nøkkelpersonar, personar som arbeidde med folk, spesielt lærarar og prestar.

Lærarane vart sett under eit hardt press. Frå den tyske okkupasjonsmakta, ved Quisling-regjeringa, vart det gjort klart at dei som ikkje var positive og på alle måtar støtta Nasjonal Samling måtte venta seg drastiske straffer. Alle lærarane vart også pålagde å underskriva ei lojalitetserklæring, men dette vart møtt med eit unisont "nei" frå lærarane si side. Konsekvensane vart at lærarar vart fjerna frå stillingane sine eller arresterte. Mange vart sende til tysk arbeidsteneste i Nord-Noreg, spesielt til Kirkenes. Noregs



*Jan Hermann Hermansen.
Foto frå Jan Ottar Hermansen v/Rolf Nesse*

Lærersamband vart ved lov oppretta i februar 1942. Her vart medlemskap for alle norske lærarar obligatorisk. Quisling-regjeringa ville med denne lova gi felles retningslinjer for korleis barn skulle oppdragast. Lærarane protesterte og gav uttrykk for at dei ikkje hadde samvit til å einsretta barn slik det vart skissert. Men det som nok provoserte lærarane mest var lova om at all ungdom mellom 10 og 18 år vart pålagde å delta i Nasjonal Ungdomsfylking. Dette førte til skarpe protestar frå lærarane, og igjen truslar om arrestasjon.

Både Jan Hermann og Klara nekta på å skriva under på lojalitetserklæring eller å bli medlem i Noregs Lærersamband. Tilsetningsforholdet deira som lærarar var dermed å betrakta som oppsagt.

Men ikkje berre lærarar og prestar var i Gestapo sitt sokelys. Alle som dreiv motstandskamp eller illegalt arbeid av eit eller anna slag stod i fare for å bli arresterte. Det same galdt jødar eller andre folkeslag som tyskarane ikkje likte. Etter



ESPEVÆR SPEIDARTROPP

Bak f.v. Karl Paulsen jr., Ola Stoknes, Johannes Garvik, Olav Størksen, Lars Eiken jr., Reidar Nilssen, Engel Stoknes jr.,

Lars Størksen, Alf Amundsen, John Haraldseid, Odd Størksen.

I midten f.v. Johan Knutsen, Marchus Larsen, Jan Hermann Hermansen, Toralf Eiken, Arnulf Bie.

Framme f.v. Nils Hauge, Thomas Brekke, Sigve Ørntsland, Nils Ørntsland, Johannes Olsen, Anders Størksen.

Bilete frå Kristian Mehus



Skuleklasse Hillestvedt skule 1933.

Bak f.v. Ole Langaker, Georg Toft, Arnt Hovland, Gerhard Lønning, Leif Vespestad, John Henriksen, Aron Hovland, Jonas Vestvik.
Framme f.v. Ruth Holme, Turid Jonassen, Liv Vestvik, Haldis Vold, Klara Hermansen, Edith Hovland, Marit Vespestad,
Bertha Hovland, Ingebjørg Lønning, Solveig Hovland.

Bilete frå Solveig Eide f. Hovland

kvart som det tok til å ”brenna” under føtene på desse folka, kom mange reisande ut til kysten av Vestlandet, også til Espesvær, for å prøva å koma seg vidare over Nordsjøen. Jan Hermann var i kontakt med slike flyktingar og hjelpte til med å halda dei i skjul. M.a. kom det ein mann til Espesvær for å snakka med han. Mannen fekk bu hos Petra Eiken. Ei tid etter kom gestaposkøyta til Espesvær, og Jan Hermann og Petra måtte om bord

til forhøyr. Men Gestapo fekk ikkje noko ut av dette forhøyret.

Jan Herman var også ein gong i kontakt med Shetlandsgjengen. Ute i Nordøyane låg det ei skøyte som var involvert i nordsjøtrafikken. Trygve Eiken førde Jan Hermann ut til skøyta, og der fekk han ein samtale med skipperen om bord. Det er grunn til å tru at samtales dreidde seg om transport av flyktingar til Shetland, kanskje også om flukt for seg sjølv og familien.

Trygve Eiken tilbaud seg også å frakta han og familien til Shetland med kutteren ”Gaa Paa I”, men dette takka Jan Hermann bestemt nei til.

Endå ein gong kom Jan Hermann i nærkontakt med Gestapo. Då kom dei på huset deira i Espesvær og advarte lærarfamilien mot noko form for ”dumme” handlingar. Det vart gjort klinkande klart at eit forsøk på flukt til Storbritannia



“Teist”, ein av båtane til Jan Hermann og Klara medan dei var i Espesvær. Foto frå Asbjørn Amundsen



M/K ”Kapp I” til kais på ein allmenning heilt sør på Hasseløy i Haugesund. Gata innover i biletet er Holmegata. Biletet er etter alt å døma teke rundt 1958 medan båten var heimehøyrande i Sveio og registrert i Haugesund. Foto: Opdal samling

ville gå ut over barna deira, Solveig og Jan Ottar.

Utetter vinteren og våren 1942 sat Jan Hermann og familien hans djupt i det, og det var all grunn til å frykta represalias. Trugsmål om arrestasjon og deportasjon var ikkje lett å leva med, men tanken på overgrep mot barna var ikkje til å halda ut. Å gi etter for tyskarane sitt press var ikkje noko alternativ, difor var flukt til Shetland no einaste utveg for dei.

Jan Hermann var god ven med Toralf Eiken, og desse gjorde avtale om at han skulle få ”stela” kutteren ”Kapp I” til flukta. Jan Hermann bad om at Toralf skulle leggja båten i Helgesvika, ved bryggja til svigerfaren Sigve Øritsland, då han kom heim til påske. Dette vart gjort.

Inne på Bømlo var det fire personar, Godfred Gustav Klem, Sigfrid Klem, S. Gundersen og Bj. Valberg, som hadde halde seg i dekning i Lyklingskogen ei tid. Desse var på flukt og hadde av forskjellige grunnar behov for å koma seg vekk. Dei skulle no få vera med Hermansen-familien til Shetland. Dei vart førde til Nordvåg på Espevær der Solveig Hermansen tok imot dei og fylgte dei gjennom utmarka heim til lærarbustaden.

Ein femte person, Keisia Lønø, kom til Vikafjorden litt seinare og vart henta der. Ho hadde mannen sin, Wilhelm Lønø, ute som maskinist og ville no til England for å treffa han.

Det var også meiningsa at presten Peter Robberstad skulle vera med til Shetland. Han var involvert i illegalt arbeid på Bømlo og hadde m.a. skjult flyktningar. Jan Hermann drog til Finnås prestegard dagen før dei skulle reisa med tilbod om skyss over. Men Robberstad syntest ikkje han kunne sløyfa gudstenestene i påskhelga og vart difor heime. Han skulle dessutan gjera kjent for kyrkjelyden kyrkja sitt brot med nazistyresmaktene, utforma i dokumentet ”På kirkens grunn”. Robberstad vart seinare arrestert og sendt til Tyskland.

Båten dei skulle flykta med, ”Kapp I”, vart bygd i Hardanger i 1908 og fekk namnet ”Munin I”. Utetter 1900-talet hadde den fleire eigarar langs

vestlandskysten. I 1938 vart den forlengd, og det vart sett inn ny motor, ein 90 – 120 hk Wichmann. I 1941 vart båten kjøpt til Espevær, av Toralf Eiken og Nils Larsen. Medeigar var også H. Krohn Brekke i Haugesund. I Espevær fekk båten namnet ”Kapp I” og fiskerinummer H-111-BO. Før den vart brukt til flukt båt i 1942 var den ein vinter på snurping.

Dei 9 personane som vart med var då:

Jan Hermann Hermansen
Klara Hermansen
Solveig Hermansen (13 år)
Jan Ottar Hermansen (3 år)
Godtfred Gustav Klem
Sigfrid Klem
Keisia Lønø
S. Gundersen
Bj. Valberg

Ingen av dei var navigatørar eller hadde erfaring med å ferdast på ope hav, men Toralf instruerte dei kort og stakk ut kursen for dei. Jan Hermann, som hadde ei viss erfaring i navigasjon frå fritidsbåten sin, skulle vera ansvarshavande om bord. Klara hadde stor tiltru til Jan Hermann sine evner som sjømann og var ikkje engsteleg for å leggja av garde.

Påskeaftan 4. april 1942 kl. 22.30 var dei komne seg om bord i ”Kapp I” klare til å dra over til Shetland. Jan Hermann hadde snakka med to unge menn, Olav Størksen og Thomas Madsen, om hjel til å koma av stad. Begge var båt- og motorvandte. Kutteren låg for anker med hekken mot bryggja. Det var to anker om bord, og etter som det eine ankeret var på plass i båten, let dei berre kjettingen gå for ankeret som var i bruk. Deretter vart kutteren buksert med ein robåt godt utanfor det nordre sundet. Ungdomane var så om bord og starta motoren før dei rodde heim igjen. At ungdomane no hadde hjelpt desse 9 personane på flukt kunne få dei alvorlegaste følgjer for dei. Difor var det få som fekk vita om dette, og dei som visste det snakka ikkje om det. Tyskarane hadde ikkje oppretta vaktstasjon på Espevær på den tida, så den hjelpte ungdomane ytte kom ikkje for tyskarane sine øyre og fekk ingen negative konsekvensar for dei.



*Vakthytta i Espevær under krigen.
Foto Nils Robberstad*

"Kapp I" var godt utstyrt då dei drog. Dei hadde med 2000 kg solarolje, 350 kg smørealje, 3 kompass, kanonslag, nødrakettar, nordsjøkart, kart over heile norskekysten, kokekar og skaffetøy til 20 mann, tre lause fyrlampar og dobbelt sett med lanterner. Vidare hadde dei mat og vatn som dei rekna med ville halda til fleire veker, i alle fall viss dei rasjonerte litt.

Lensmann Henrik Robberstad fekk melding om "tjuveriet" 1. påskedag, men sidan det var ein helgedag venta han med å rapportera det vidare til tyskarane til dagen etter. Lensmannen visste nok kva dette dreidde seg om, og gav flyktningane tid til å koma seg så langt ut frå kysten som mogeleg.

Det bles frisk bris frå syd-aust då dei la av garde. For ikkje å bli oppdaga var det om å gjera å koma seg så langt bort frå kysten som mogeleg den første natta. Difor køyrdde dei motoren hardt og kom opp i ein fart på 8 knop. Om natta hadde vinden auka til stiv kuling, og dei laut sakka litt på farten. Ein brotsjø trefte dei på babord side bak, og tok med seg alt som var laust på dekket. Livbåten og dekkshuset på hekken vart skada,

det same vart skansekledningen på begge sider midtskips. Den eine døra til byssa vart også knust, og mykje sjø fossa ned i motorrommet. Sjøvatnet stod langt opp på motoren. Dei prøvde å pumpa ut vatnet, men pumpa slo seg vrang, og av fare for å bli oppdaga våga dei ikkje å tenna lys for å reparere.

Då det lysna av dag, fekk dei ordna pumpa og greidde å töma motorrommet for sjø. Men mykje sjøvatn hadde kome inn i veivhuset og blanda seg med smørealja. Dette resulterte i at to av rammelagra vart skada, og motoren stoppa. Vinden hadde no auka til storm. Dei fekk ut eit drivanker og dreiv med vinden til kl. 6 om morgonen den 6. april. Då hadde vinden løya litt, og dei greidde å få opp ei fokk. Med denne heldt dei god fart vestover resten av dagen og heile neste dag. Den 8. april var det omtrent vindstille. Då avanserte dei lite. Tross i iherdige forsøk på å reparere motoren, greidde dei ikkje dette.

Den 9. april kl. 7 om morgonen såg dei land. I 12-tida den dagen kom eit tysk fly og sirkla rundt dei fleire gonger i lav høgde. Flyet gjekk så mot aust. Dei rekna med at flyet ville rapportera dei, difor var det viktig å koma seg i land fortast mogeleg. Livbåten var delvis øydelagd, men dei prøvde å reparera han med presenning så godt det let seg gjera. Jan Herman meinte at det beste ville vera å forlata båten og prøva å koma seg til lands i livbåten. Men det ville ikkje dei andre. Resultatet vart at heile familien Hermansen gjekk i livbåten, medan dei andre vart igjen om bord. Sju av dei åtte årane i livbåten var brekte av den store bølgja som hadde treft dei. Berre ei av årane var såleis brukande. Den andre åra dei trong for å ro vart laga av ein planke. Ei primitiv mast vart sett opp, og eit stykke presenning fungerte som segl. Elles vart klede, ullteppe, proviant, eit kompass, nødrakettar og kanonslag tatt ombord i livbåten. Klokka 14.45 skubba dei frå. Jan Ottar var begeistra for å vera i den vesle båten. "Er vi på Lykling no?" ville han vita.

I byrjinga var det lite vind, og Jan Hermann måtte ro det første stykket. Etter kvart friskna vinden til og dei heldt bra fart. Dei fekk auga på ei radiomast på land og prøvde å få kontakt med rakettar og signallys, men dei vart ikkje observerte av nokon.



Stranda der Hermansen-familien gjekk i land ved Norwick på øya Unst på Shetland. Foto Charles Tait

Omlag 8 timer etter at dei hadde forlate båten, landa dei i ei sandstrand i Norwick på øya Unst, heilt nord på Shetland. Det var mørkt, og for å få kontakt med folk prøvde dei igjen kanonslag, rakettar og blålys, men utan resultat. Dei nytta og tida på stranda til å eta litt. Etter ei stund fekk dei auga på lysa frå ein lastebil som køyrd på vegen 30 – 40 m borte. Dei gjekk opp til vegen og kom straks til eit lite hus. Eigaren, Charlie Scott, tok vel imot dei. Han var fiskar og budde saman med to brødre.

Charlie Scott viste dei same kvelden vidare til ein leir for flygarar (Hamer Skw. Ed.) omrent ein km unna. Eigar av lastebilen, Duncan Mout, køyrd dei til leiren. Der fekk Jan Hermann fortalt om "Kapp I" som låg og dreiv utanfor kysten. Det vart lova at straks det vart lyst skulle det sendast ut ein vaktbåt for å leita.

Duncan Mout kom seinare tilbake til leiren og inviterte dei til å bu i foreldra sitt hus. Mabel Barclay, seinare busett i New Zealand, hugsar godt då Hermansen-familien kom til huset deira. I

tidsskriftet "Shetland Life" for mars 1996 skriv ho m.a.:

"Eg hugsar godt den kvelden i april 1942 då Hermansen-familien kom til Norwick. Bror min, Duncan Mout, kom heim med dei – det må ha vore rundt midnatt. Vi hadde vore på vakt mot ein mogeleg tysk invasjon. Egsov på eit soverom nede, og bror min banka på døra og spurde etter parafinlampen min (før elektrisiteten var kommen). Då eg høyrde desse merkelege stemmene, sa eg "Nei!", etter som eg visste dei var framande og trudde dei var tyskarar. Sjølv om eg var livredd, tenkte eg at dei visste at eg var der, så eg stod opp, kledd på meg, tok lampen og gjekk inn på kjøkkenet der eg såg den norske familien. Jan Ottar var ein liten lyslugga gut kledd i marineblå strikkedress, han var ein skjønn liten kar. Dei budde hos oss ei veke og i mellomtida vaska og tørka vi teppa dei hadde tatt med seg. Dei var ein svært takksam familie".

Hermansen-familien budde her i omlag ei veke og vart servert frukost og middag av Mout-familien. I leiren fekk dei tilbod om bad og dusj.

I 9-tida morgonen etter at Hermansen-familien hadde nådd land, kom "Kapp I" siglande innover mot stranda i Norwick, omtrent mot same staden som familien hadde landa kvelden før. Det var uråd å få ut ankeret, så båten gjekk på land, utan at dette førde til skadar på skroget.

Britane var nøyne med å sjekka alle flyktbåtar frå Noreg under krigen, dei ville vel forsikra seg om at det ikkje dreidde seg om fiendtlege farkostar eller spionar av noko slag. Alt inventaret vart difor teke på land under militært oppsyn. Utpå ettermiddagen vart "Kapp I" dregen av grunnen og ført til Baltasound. Seinare vart den slept til Lerwick.

Frå Norwick gjekk turen for alle ni flyktningane med passasjerbåt til Lerwick. Her vart dei innlosjerte i ein leir med m.a. mange andre nordmenn. Dei vart no forhørde for første gong etter overfarten. Hermansen-familien fekk nokre gode dagar her. Det vart tid til turar i åsane rundt byen, av sikkerhetsmessige årsaker heile tida i følgje med britiske soldatar.

Etter ei veke i Lerwick gjekk turen vidare til Aberdeen med båt. Under denne turen måtte dei pga. minefarene ligga natta over i Scapa Flow på Orkenøyane. All passasjertrafikk gjekk berre i dagslys. Frå Aberdeen reiste dei vidare til London med tog, også no eskorterte av soldatar.

I London vart Jan Hermann plassert på the Patriotic School, medan Klara og barna vart plasserte på Florence Nightingale School. Her var dei i fem dagar.

Den norske regjeringa hadde på den tida tilhald i Kensington House i London, og Jan Herman kjende fleire av ministrane. Den første jobben han fekk var i utdanningsdepartementet, men han søkte snart overflytting til dei norske styrkane.

Frå feiringa av Kong Håkon VII sin 70-årsdag i Storbritannia. Foto frå Jan Ottar Hermansen v/Rolf Nesse



*Familien Hermansen utanfor huset dei hadde i Croydon.
Foto frå Jan Ottar Hermansen v/Rolf Nesse*





Drumtochty Castle i Skottland der den norske regjeringa dreiv skule. Klara var tilsett her.
Foto frå Jan Ottar Hermansen v/Rolf Nesse

Her måtte han delta i kurs og øvingar over heile Storbritannia, og var såleis mykje borte frå resten av familien.

Mange hus var ledige i London på den tida. Folk var redde den tyske bombinga og hadde flytta ut på landet. Olav, bror til Jan Hermann, hadde også flykta til England, og han var no med Klara på husjakt. Dei fann eit fint hus med hage i landlege omgivnader dei kunne få leiga, og her flytta Hermansen-familien inn. I tillegg til Olav var mange andre norske flyktningar på besøk her, m.a. Øyvind Steinsvåg frå Finnås, Knut Amundsen, Per Paulsen, Karl Kristian Larsen og Knut Madsen frå Espevær.

Klara arbeidde som lærar ved den norske skulen heile tida medan dei var i Storbritannia. Solveig gjekk først på den norske skulen på Kensington House, men byrja etter ei stund på Croydon High School for jenter. Jan Ottar gjekk i den lokale barnehagen i Croydon.

London vart stadig utsett for bombeangrep under krigen. Då tyskarane begynte angrep med V-bomber, vart situasjonen så utrygg at Klara og

barna laut evakuerast til ein tryggare stad. I august 1944 flytta dei såleis til Drumtochty Castle, eit slott som den norske regjeringa hadde kjøpt for å driva ein norsk kostskule i Skottland. Slottet låg ved landsbyen Auchenblae i nærleiken av byen Stonehaven. Her budde Klara og Jan Ottar til krigen var over. Jan Hermann hadde no løyntnats grad. Han var mykje borte frå familien, men kom heim på permisjon innimellom. Solveig fekk etter kvart arbeid som passepiske for to barn av ein norsk familie i Glasgow.

Då krigen var over, reiste Jan Hermann tilbake til Noreg berre nokre få dagar etter 8. mai. Han reiste med S/S "Andes", den same båten som den norske regjeringa brukte til heimreisa. Klara og Jan Ottar budde på Drumtochty til alle elevane hadde reist. Ho og barna kom til Bergen 18. august 1945.

Båten "Kapp I" vart under krigen m.a. brukt av Den Norske Marine til å frakta ammunisjon til Scapa Flow på Orkenøyane. Ola Thorsen frå Lykling var maskinist om bord ein del av denne tida. Han var med Suderøy-ekspedisjonen på kvalfangst då krigen kom, men gjekk seinare inn i Den Norske Marine.

I 1945 kom "Kapp I" tilbake til Espevær, men vart året etter sold til Austrheim i Nordhordland. Mellom 1952 og 1964 var den heimehøyrande i Sveio. Den vart nytta til fraktfart, men også som avløysar for ferja "Samband" mellom Langevåg og Buavåg. Etter 1964 hadde den fleire eigarar og forskjellige oppdrag. I 1990 enda den opp som hyttebåt ved Risør. Der sokk den året etter. Den vart ikkje tatt opp att.

Familien Hermansen flytta aldri tilbake til Espevær, men dei var mange gonger tilbake på besøk til venner og kjente.

Jan Hermann og Klara var i perioden 1945 til 1952 lærarar i Bergen. Deretter fekk Jan Hermann stilling som skuleinspektør i Bruvik kommune, og familien busette seg på Dale. Han vart permittert frå jobben som skuleinspektør i 1963 etter som han vart vald til ordførar i Bruvik kommune. Dette vernet hadde han i omlag eit halvt år, før han døydde av eit kraftig hjarteinfarkt 21.06.1964.

Klara flytta då til Indre Arna og budde der til ho fekk plass på Bergen Røde Kors Sykehjem. Ho døydde 29.01.2003, nær 103 år gammal.

Dottera, Solveig, busette seg nær Horten (gift Jensen). Ho fekk fire barn. Ho døydde 17. 01.1995.

Sonen, Jan Ottar, fekk to barn. Han er busett i Indre Arna ved Bergen (2009).

Kjelder:
Peter Hermansen, Olav Andreas Hermansen, Johannes Hjelland, Johanna Seim Hjelland, Klara Seljen Hermansen, Jan Ottar Hermansen, Gunnar Hermansen, Rolf Nesse,



*Jan Hermann Hermansen som ordførar i Bruvik.
Foto frå Vaksdal kommune*

Trygve Eiken (samtal med Rolf Nesse i 1974)
Gunnhild Vika f. Hope, Erling Hope,
Kristian Magnus Vikse
Bernhard Selle: "Skulesoge for Bømlo"
S. Ommedal: "Finnås Lærarlag 1852 – 1952"
"The Kapp's journey to freedom", artikkel i magasinet "Shetland Life" febr. 1996.
Johan Vikse: "Kystens Friskarer"
Ragnar Ulstein: "Engelandfarten II. Søkelys mot Bergen"
Kristoffer Bergtun: "Opplysningar om personar som var ute under krigen"
Bømlo Tur- og Sogelag: "Fartøy til fiske og frakt"
Bømlo Bygdebok, bind II

Kvar vart båtane av?

Av Kjell Birger Sønstabø

Etter at boka “Fartøy til fiske og frakt” kom ut i 2004 har det skjedd ein del på den lokale båtfronten. I denne artikkelen vert tre av dei kjende bømlabåtane, “Alken”, “Barodd I” og “Barodd II”, presenterte på nytt, med nye opplysningar om det som har skjedd med dei i løpet av dei siste åra.

Motorskøyte “Alken”

Bygd i 1905 i Sverige. Ombygd og forlengd i 1939 hjå Bjørnevik, Stavanger.

Dimensjonar: 35,0 x 13,0 x 5,0 fot (1905), 41,0 x 14,0 x 5,0 fot (1939).

Motor: 20 HK Scandia (1923), 20 HK Snøgg (1937), 20 HK Wichmann (frå 1947, innsett 1967).

Det første ein veit om “Alken” er at den vart innført i fiskeriregisteret i 1922 med fiskerinummer R-60-ST og namn «Dagmar». Eigar var då P/R Thore Th. P. Svines, Jørpeland i Strand i Ryfylke. Båten vart sold i januar 1927 til Johan Gudmundsen, Roaldsøy, Hetland med fiskerinummer R-9-HT. Den skifta namn til “Alken” i september 1938, året før den vart forlengd.

I august 1961 kjøpte Celius Larsen, Bømlo, skøyta for kr 4500 og “Alken” fekk då fiskerinummer H-83-BO (H-83-B frå 1964). På veg heim frå Roaldsøy fekk den eksosbrann og det tok delvis fyr i styrehuset. Medan “Alken” var heimehøyrande i Rogaland, vart den bruk til brislingfiske, makrellsnurping og botnagarnfiske. Etter at den kom til Bømlo, vart den bruk til litt høkring.

Celius Larsen hadde også lastebil og frakta heim kol og koks med skøyta og køyrd ut til kundane med lastebilen. Skøyta vart også brukt til saueføring, og om haustane vart det fiska etter pigghå. I 1967 skifta Celius Larsen ut «Snøgg’en» med ein brukta «Wichmann». Denne brukte motoren hadde stått i ”Anny” frå Halsnøy som var blitt kondemnert. Dette vart utført i Espenvær. Den gamle motoren gjekk til skrap. Den 09.03.1997 fekk skøyta store skader


då R/S «Peter Henry von Koss» gjekk med 22 mils fart ut Langevåg. Dekket fremme og baugen på babord side vart øydelagt. Reparasjon vart utført på Ådnanes Skipsbyggeri. På slutten, frå ca. 1980–1990, vart den bruk til reketråling. Tråleutstyret vart kjøpt i Skudeneshavn og montert i Espenvær. Trålinga gjekk for det meste føre seg i fjordane, og litt vestafor i godt ver.

Etter 1990 har “Alken” vore bruk til lystbåt, og våren 2000 sette Celius Larsen nytt styrehus på den, etter mal frå det gamle styrehuset. Dette arbeidet vart utført på Ådnanes, som mange andre tidlegare reparasjoner. Etter 2000 var “Alken” lite bruk, og i åra frem til Celius døydde 31.07.2006, låg den i ro. I desember 2006 vart den avertert til salgs på FINN.no, og i mars 2007 vart den sold til Dagfinn Tollefsen, Riseplassen i Froland ved Arendal for kr 10.000. Samtidig hadde ein skøyta på slipp på Ådnanes. I april 2007 forlet ”Alken” Langevåg for siste gang. På veg sørover måtte dei innom Haugesund for å få tak i lensepumpe, før turen gjekk vidare til Tananger. Tollefsen var båtbyggjar og det var meinings å fikse opp skøyta. I Tananger vart skøyta liggjande med lite tilsyn og open båt, og alt i mai kom den igjen til salgs. I september vart den sold til Terje Midtun i Bergen, som var ute etter motoren. Den ville han ha som delemotor til sin eigen 20 HK Rubb som stod i kutteren hans, ”Terje”. Denne kutteren

er for øvrig den tidlegare Mælandsvåg-kutteren "Sjøgutt".

Den 27. september 2007 vart "Alken" slept av "Abdulla" til R. Birkeland båtbyggeri på Avaldsnes. Der vart den sett på slipp og styrehuset vart tatt av for enkelt å ta ut 20 HK'en. I november var den på nytt til salgs, men no til mest gi bort pris, utan styrehus og maskin. Ei stund ut i 2008 vart den sold til ein karmøybu som hadde eige fleire eldre fartøy. Under slep til Kopervik 14. juni 2008 ble det slik at det var vanskeleg å koma fram. Dei fikk då hjelp av redningskøyta, som fikk taua den inn til Fryserikaien i Kopervik. Der ble den liggende. Nokre dagar seinare låg den lavt i vatnet, og 22. juni 2008 sokk den ned. Dette var på nett same staden som eit tidlegare kartverksfartøy, "Vøringen", hadde gått ned i november 2004. "Alken" la seg oppå dette fartøyet, slik at masta og deler av baugen var over vatn. Slik låg den til forargelse for mange, inntil våren 2009, då det kom ein større lekter og la seg til ved kaien. Dermed knekte masta og heile fartøyet var no under vatn. Lekteren vart liggjande over "Alken" i om lag 2,5 månad, før den vart flytta i juni.

Den 26.06.2009 fekk Karmsund Interkommunale Havnevesen leidt ein kranbil, og ved hjelp av stropper rundt fartøyet vart "Alken" løfta opp på land. For å få stroppa under akterenden var det nødvendig med dykker i sjøen. Etter 1,5 time var skøyta plassert oppå kaien i Kopervik, og ein kunne sjå at deler av styrbord side var delvis knust. Slik vart "Alken" liggjande i ein månad. Så, den 28.07.09, starta opphogginga av fartøyet ved hjelp av motorsag. Den 31.07.2009 var heile "Alken" sagt opp. Ein traktor med gaflar samla treverket av skøyta opp i ein konteinarkasse og frakta den til Karmøy deponeringsanlegg i Borgardalen nord av Vedavågen. Dermed var skøyta "Alken" blitt historie, 104 år etter at den vart bygd. Styrehuset står sommaren 2009 framleis på området til Birkeland på Avaldsnes, og 20 HK'en står på Stord Motormuseum på Leirvik.



"Alken" slik vi huskar den ved bryggja og huset til Celius Larsen.


Foto: Kjell Birger Sønstabø

Endre Celius Larsen

I samband med denne oppdateringa av historia til "Alken" har Einar Kallevåg skrive følgjande minneord om Celius Larsen:

Celius Larsen vart fødd på Bømlø 24.07.1917. Den 31.07.2006 kom det triste budskapet. Celius Larsen var gått bort. Celius hadde utført mange oppdrag for dei fleste av sambygdingane sine. Derfor verka det som hans død vedrørte oss alle. Celius var sterk og sparte seg aldri. Han var ikkje typen som greip tak i den lettaste enden. Celius var ein omgjengeleg mann som hadde eit muntert glimt i auga. Han var ein sentral person i bygda. Når vegane skulle høvlast, brøyta eller grusast med skjelsand og singel, var Celius ein selvfølge med lastebilen sin. Han var også interessert i fiske og alt som føregjekk på sjøen. Han var på fiske med fleire båtar som f.eks. M/S "Atle" og M/S "Toreli". Celius hadde totalt tre skøyter. Først M/S "Von" ex "Solana", så M/S "Nesodd" som hadde klengenavna "Dabby" eller "Nilsaskøyta". Denne skøyta vart avløyst av M/S "Alken" i 1961.

Vi vil med dette lysa fred over Celius Larsen sitt minne.



Celius Larsen



Celius i motor-rommet på "Alken"



Celius Larsen og Knut Brakestad i koseleg "passiar" over ein kopp kaffi ein fin sommardag



"Alken" i
Tananger april
2007 på veg mot
Arendal. Så langt
kom den imidlertid
ikkje.

Foto: Kjell Birger
Sønstabø

Eit bedrøveleg syn.
"Alken" sokk ned ved fryserikaien i Kopervik 22. juni 2008.
Foto: Alf Johan Kristiansen



Frå arbeidet
med å saga opp
"Alken" på kaien
i Kopervik. Ein
traktor løfta
restane opp i
ein konteiner og
køyrd båten på
fyllinga.
Foto: Alf Johan
Kristiansen



Motorkutter “Barodd I”

MTRK (før 1934) LFNU (etter 1934)

Bygd i Hatlestrand, Hardanger, i 1919.

Tonnasje: 36 br.t. 18 n.t. (1919), 42,84 br.t. 14,51 n.t. (1957).

Dimensjonar: 64,5 x 16,7 x 8,0 fot, etter ombygging 67 fot.


Motor: 40 HK Wichmann (1919), 50 HK Wichmann (1936), 180 HK DC Wichmann (frå 1962, innsett 1972).

“Barodd I” vart bygd for Ole O. Barane, Langevåg, Bømlo i 1919. I 1921 vart Herman og Alfred Barane medeigarar. “Barodd I” fekk fiskerinummer H-82-BO (H-82-B frå 1964). Båten vart helst brukt til sildefiske og fraktfart til den i 1973 gjekk ut av fiskeriregisteret. Før krigen gjekk den mykje i ruta Egersund-Hull i ferskfiskfarten. Ein sommar hadde dei 18 turar på 18 veker i makrellfarten til kontinentet. Elles vart den brukt til fraktfart og makrellfart på kysten. I 1937-40 var båten på nordsjødriving sør i Nordsjøen.

I 1945 overtok Alfred Barane båten åleine. I 1954 vart “Barodd I” reparert frå vasslinja og opp. Arbeidet vart utført på Hatlestrand. Helmer Barane overtok båten i 1966. Ein 4 DC Wichmann som tidlegare hadde stått om bord i “Selbjørnsfjord” vart montert i 1972. Arbeidet vart utført i Espevær.

Frå 1992 til 1998 var Per Arne Barane eigar av “Barodd I”. Då redningskryssaren «Peter Henry von Koss» gjekk ut Langevåg med 22 mils fart i 1997 fekk “Barodd I” store skadar. Den vart reparert i Dåfjorden på Stord. “Barodd I” var i familien Barane si eige frå den var ny til den vart seld til Torgeir Moe Larsen, Notodden, i 1998.

Barodd I har siden salget frå Bømlo i 1998 heile tida lege i ferskvatn ved Juksebø i Heddalsvannet ved Notodden. Der har den m.a. vore brukt til bubåt. Forfallet har kome etter kvart. Formasta vart tatt av for nokre år siden, og i 2007 vart også styrehuset tatt av og brent. Rekkestøttene var til dels råtna. Dekket var dekka til med takpapp. Motoren, ein 4 DC Wichmann, vart i juli 2007 teken ut, og avertert til salgs for kr 6000. I september 2007 vart den lasta om bord på ein lastebil og frakta til Opstad motormuseun i Midsund i Romsdal. Der står den no montert



“Barodd I” ved kaien på Vorland i Langevåg. Foto: B. E. Vika

saman med fleire andre eldre båtmotorar. Motoren vart tatt ut for å gi plass til ein mindre Scania diesel motor. Byssa skulle utvidast, vart det sagt. Men pr 2009 skal ikke denne nye motoren vera sett inn i "Barodd I". Ved bluesfestivalen i 2008

og 2009 vart "Barodd I" slept inn til Notodden. Den var uggjennkjenneleg der den låg uten mast, med nytt styrehus, tjørebreidd og med grønmalte rekker. Den 5. september 2009 sokk "Barodd I", med fordekket i vannskorpa og halve styrehuset under vatn.



"Barodd I" ved kai i Egersund. Foto frå Trygve Lønning



"Barodd I" på Sletta i juli 1958. Foto frå Sønstabø samling



*"Barodd I" med dekket fullt av kassar. Her under Karmsundbrua.
Foto fra Sønstabø samling*



"Barodd I" under Notodden bluesfestival 02.08.2009. Foto Tom B.Jensen

Motorkutter “Barodd II”

LFNT (før 1934) LKPB (etter 1934)

Bygd av Bård Gjerde, Hatlestrand i 1932. Forlengd hos B.Gjerde i Hatlestrand i 1952.

Tonnasje: 49,64 br.t. 17,6 n.t.

Dimensjonar: 70,0 x 18,0 x 8,9 fot (1932), 81 x 18,4 x 8,1 fot (1952).

Motor: 60 HK Wichmann (1932).

“Barodd II” vart bygd for Ole Barane og sønene Herman og Alfred, og fekk målebrev 25.11. 1932. Den fekk installert ein 60 Hk Wichmann type L med fabrikknummer 2057. Denne vart levert 18.06.32 og montert i Rubbestadneset. Det var motornummer 14 levert av denne typen. Den 28.12.1932 fekk den fiskerinummer H-15-BO og vart brukt til fiske, men seinare helst til fraktfart og råstoff-fart. Før krigen gjekk den mykje i fisketransport frå Sørlandet og ikkje minst frå Egersund til Hull og London i England og til Bolougne i Frankrike. I denne farten var det 4 mann om bord, 2 mann på kvart skift. På siste turen før krigen, det må ha vore sommaren 1939, tok dei returlast med kol frå England og heim. Det kom vel med for bømlingane. I krigen

var den fleire somrar og haustar på sildesalting på Nordland. Det redda nok fartøyet frå å bli tatt av tyskarane, sier Helmer Barane i september 2009. I 1945 overtok Herman Barane kutteren aleine. Han var fast skipper etter at ein i den

første tida måtte ha leigeskipper om bord.

Både i krigen og i tida etter krigen var den om vinteren på snurping i fleire år, då uteiggd til folk frå Austevoll (Birkeland), Sund (Golten) og frå Fjell (Liaskjæren). Barane hadde ikkje snurpenot sjølve, så båten vart leidt til fiskarar som tyskarane enten hadde tatt fartøya frå eller til fiskarar som hadde bruk, men ikkje båt.

Tyskarane tok snurparen ”Norig” frå Liaskjæren, som då leigde ”Barodd II”. Liaskjæren hadde snurpenot og doryar. Det var 18 mann om bord.



“Barodd II” på slipp i Rubbestadneset i 1932. 60 HK Wichmann vert sett inn. Foto frå Einar Barane

Framme budde det 11 mann, akterut 5 mann og i bestikken i styrehuset 2 mann. Sylinderen på motoren vart ombygd i 1947 og ny sylinder vart montert i august 1970. "Barodd II" vart forlengd i 1952 på Hatlestrand med 11 fot, på same stad der den var bygget. Det tok eit halvt år. Etter forlenginga vart "Barodd II" 81 x 18,4 x 8,1 fot. Tonnasjen vart 60,85 br.t. 24,76 n.t. Den 16.12.1956 vart den sletta i fiskeriregisteret, og i Bømlo-perioden etterpå gjekk den berre i fraktfart. Om lag på same tid vart det skifta trekeising, galgedekk og styrehus i Dåfjorden på

Stord. Den fekk ny jernkeising, nytt galgedekk og nytt styrehus. Styrehuset fekk no runda front slik det var vanleg på mange fartøy på den tida. Det tidlegare styrehuset hadde rett front. Anna Barane overtok "Barodd II" aleine i 1962 då broren Herman Barene døydde. "Barodd II" var i familien Barene si eige fram til 14. april 1972 då den vart sold til Steinar og Brynjulf Hjartholm, Brattholmen. Der gjekk den i lokal fraktfart i Bergensdistriktet.

I 1978 vart "Barodd II" sold til Liv Å. Falck, Oslo. Den fekk den passasjer-sertifikat til 85 personar. Først var det Kristian Falck som dreiv "Barodd II" frå 1978. Han hadde i 1967 overtatt den første "Barodd" etter far sin, Ivar Falck. Denne "Barodd" hadde også vore eit Bømlo-fartøy og vart tatt ned til Oslo i 1962 frå Ibestad i Troms. Det var det første fartøyet som starta med utleige av fisketurar for Oslo-folket med utgangspunkt i kaien ved Akershus festning. Seinare vart det mest firmaturar. Per Falck overtok i 1988 drifta av "Barodd II". Han igjen gav båten over til son sin, den kjende TV programleiaren (m.a. fra programmet "Robinson ekspedisjonen") og plateutgiver Christer Falck. Reint formeldt vart fartøyet tatt over i januar 2000 av P/R Barodd II DA ved Per Falck, Oslo. "Barodd II" var i Oslofjorden frå 1978 og til sommaren 2003. I denne perioden var "Barodd II" skjeldan utanfor indre Oslofjord. På desse



"Barodd II" passerer Haugesund i 1957. Foto: J. G. Karlson

turane var det er ikkje lite reker og kvitvin som vart servert organisasjonar og lag der om bord. Motoren som stod i "Barodd II" var den samme 60 HK'en som stod i båten som ny og er framleis intakt som den einaste gjennverande einsylindra type L Wichmann. Om lag 1990 vart galgedekket forlengd heilt akterut, og toalettet på hekken vart fjerna. Fram-masta av stål vart skifta til ei enklare mast, og kappen forut vart skifta til et dobbelt toaletthus med septiktank under. Tanken vart plassert der det før hadde vore lugar i forpiggen. Ny nedgang med kappe vart montert over lasteluka. Bommen og aktermasta vart fjerna allereie etter kjøpet i 1978.

Vinteren 2003 var den til salgs for 375.000 kroner og vart i juli kjøpt av Harald Pedersen, Sortland i Vesterålen. Han skulle bruka den i sitt firma Artic Action A/S, som skulle arrangera opplevelsesturar i øyriket rundt Vesterålen. På veg nordover måtte dei først innom Risør for å tette toppen. Då "Barodd II" var komen på Sletta fikk dei igjen problem med motoren og dei måtte søkja nødhavn i Mølstrevåg i Sveio. Toppen på 300 kg vart demontert og dei måtte sveisa denne, før dei kunne dra vidare. Arbeidet vart gjort av Jan Olav Ness, Mølstrevåg. Det store toalettet på baugen vart demontert underveis nordover. Septiktanken vart igjen. Dei kom til slutt fram til Vesterålen, og hausten 2003 låg den på Samholdt Båtbyggeri i Alsvåg på Myre for restaurering.

Mellom anna fekk den ny hekk, og ein del plank og rekkestøtter vart skifta ut. Huda på begge sider frå framom styrehuset og til akterenden vart også skifta. Det vart laga nytt rorfeste, og nokre oppgraderingar under vatn vart utførte. Det heile kom på godt over millionen, men budsjettet var på kr 330.000. Denne overskridelsen vart nok begynnelsen på slutten for "Barodd II" i Nord-Norge. Det var planen at den skulle riggast til snurping med doryar for å vera med på sildekasting i Tysfjord ved Narvik. Dette skulle foregå på same måte som det vart gjort i tida like etter krigen. Så langt kom dei aldri. På nyåret 2005 skulle den til Blokken skipsverft for ytterlegare oppgradering, og i februar averterte Pedersen etter davitar og notbåtar. Masta skulle også skiftast, men dette vart det ikkje noko av.

Den 07.07.2007, medan "Barodd II" låg i det fråflytta fiskeværet Nyksund, braut det ut brann i båten. Brannen vart oppdaga av folk som var om bord i eit fartøy som tilfeldigvis låg inne i same havna. Det stod flammar ut av styrehuset, og folk sprang til med fleire pulverapparat. Dei fekk kontroll over brannen, og etter kvart sløkt han heilt. Hadde dei ikkje fått sløkt brannen så fort, ville nok "Barodd II" gått tapt. Brannårsaka skuldast feil på det elektriske anlegget om bord. Etter brannen vart det ikkje utført nokon reparasjon. Opne og brannskada område vart heller ikkje dekka til, så vind og ver fekk fritt spelerom.

Så i mars 2008 var det ein større artikkel vedrørende "Barodd II" i Bømlo-Nytt. Der tala Pedersen sterkt for at fartøyet måtte koma tilbake til Bømlo. Men ingen tok imot utfordringa og



*"Barodd II" ved Akershus festning i Oslo i juni 1993.
Foto Kjell Birger Sønstabø*



*"Barodd II" etter brannen i Nyksund 7. juli 2007.
Foto Ingebjørg D Madsen*

fartøyet vart liggjande i Nyksund. I desember same året vart det sagt at ein skulle søkja tilskot på kr 750.000 hos Riksantikvaren, men dette vart det ikkje noko av. Alt i 2003 var det søkt om midlar, men då vart det blankt avslag.

Den 18.03.2009 var "Barodd II" til salgs på nettstaden "FINN" for kr 50.000 eller høgstbydande. Fleire var interesserte, og 01.04.09 fekk Jarle Lunde frå Hundvåg ved Stavanger tilslaget for kr 60.000. Den formelle overtakelsen fann stad 15.05.09. Motoren stod fast ved overtakelsen, og ei fjør i regulatoren mangla. Vidare måtte ny topp-pakning setjast inn. Før

motoren kunne startast måtte toppen også sveisast. Det var ikkje påkosta noko på båten på 3 år, og forfallet hadde kome langt. Alt det øydelagde etter brannen i 2007 var heller ikkje utbedra.

Turen ned frå Nyksund til Hundvåg var anslått til å ta 2 veker. I pinsa var Jarle oppe og skulle henta fartøyet. Før avgang måtte det malast i styrehuset og skiftast vindusruter i styrehusfronten. Den 30.05. gjekk "Barodd II" frå Nyksund. Men fremre

rammelager gjekk varmt og ein valde å ta assistanse frå redningsselskapet for å koma seg inn til land. Turen fekk eit avbrekk etter som rammelageret måtte støypast i ved Blokken skipsverft. Den 11.06.09 vart det ny avgang mot sør. Turen gjekk innom Bodø der dei hadde ein stopp. På veg sør gjekk dei med 6-7 knops fart. Skuta var begrodd undervanns, og det viste igjen på farten. Den 15.06. var dei komne til Flesland ved Bergen. Der fekk dei motorstopp etter som to boltar på eksenterstaga knakk. Resultatet var at dei drev mot land og var borti et undervannsskjær. Forsvaret kom til med kystvaktskipet "Njord" som var på øvelse. Denne fekk taua "Barodd II" inn til Dolviken for sjekk av skroget. Ingen skade vart påvist. Deretter vart "Barodd II" taua av slepebåten "Rondo" til Lundsvågen aust på Hundvåg ved Stavanger, der den ankom 17.06.09. Siden den tid har den lege fortøyd der ved sida av eit tilsvarende eldre fartøy kalla "Atlanta". Dette fartøy høyrde heime på Halsnøy i mange år og vert no eigd av far til Jarle, Gustav Lunde.

I ein artikkel i Stavanger Aftenblad 13.08.09 seier Jarle at han reknar med å brukha mange år på restaureringa av "Barodd II", kanskje opp mot 10 år. I telefonsamtale 07.09.09 med underteikna, seier Jarle at han i år har planar om å ha den slippa for å bunnsmørje og å pusse skipshuda. Kutteren har ikkje vore på land på 4-5 år og under vatn er skroget temmeleg begrodd. Dette arbeide held han på med no på ettersommaren



"Barodd II" i Lundsvågen Hundvåg 18.06.09. "Atlanta" bak.

Foto Kjell Birger Sønstabø

2009. Fartøyet er veldig "fuktig" og må tørkast ut. Elles har Jarle planar om å byggja motoren om til ferskvannskjøling på sikt. Og formasta vil nok bli skifta. Byssa og akterkabinen er nokså "orginal" og heil, men forpiggen er rasert med den store septiktanken installert. Her har det nok vore dårlig lufting etter som den har lege avlåst inne i Oslofjorden i mange år utan at det har budd folk om bord.

Vi får ønskje Jarle Lunde lykke til med det fine fartøyet. Håpar han får tid og anledning til å stoppe forfallet og å restaurere "Barodd II" tilbake det den ein gong var. Målet må vera at ein kan brukha både båt og motor til aktiv fart. Eg er sikker på at det er mange bømlingar som vil ta seg ein tur bortom Hundvåg når dei er i Stavanger-området i tida fremover for å kikke på dette ein gong så staselege bømlafartøyet.

Kjelder:

Fartøy til fiske og frakt (2004).

Helmer Barane (2001 og 09/2009)

Harald Pedersen, Sortland i Vesterålen (2004-2005)

Jarle Lunde (09/2009)

Artikkelen i Stavanger Aftenblad (08/2009)

Diverse innlegg på nettsiden - STP Scandinavia-skipsiden

Diverse innlegg på nettsiden - Norsk Skipfarts Forum - Veteranskipsforum

Diverse innlegg i avisar/nett - BA/Bømlo-nytt/ Vesterålen online/FINN

No 95 Hierdtnesz

af Føens Scibrede – Søndhordland Fogderi

Av Haldis Tollaksen

Lengst i nordøst av gamle Bømlo kommune ligger Hjertnes. De eldste papirer jeg har funnet er fra 1648, da det gikk ut påbud til jordeiere om å ”la bygge Ødegårde”. I skattmantallet fra 1680 er navnet blitt til Hierthnes, og på et senere tidspunkt, før 1800 til nåværende Hjertnes, gardsnr. 62. Hjortedyr og jakt skal visstnok være opphavet til navnet. Vestre del av garden har navnet Rossnes har gnr. 61/4, og har også vært kalt Bergeplass. Rossnes = der hestene beiter.

Fra 1689 er Torbjørn Hansen eier av garden, den ble siden solgt innen familien i flere generasjoner helt til 1912 da farfar Berner Hjertnes kjøpte den av Salomon Roarsønn. Det første tunet på garden var på Tuftene, bakken like ovenfor den bratte sjøssveien. Restene av husmurene stod helt til i 1950-åra, da ble de brukt til veien langs øvre kanten av myra. Tidlig på 1800-tallet ble husene flyttet til østsida av myra, bortunder bråtet. På vestsida av huset hadde de urtehage. De hadde kunnskap om plantefarging, farget lyng – strå og kvister som de laget buketter av og solgte, sammen med urtene. Jeg husker rester av dette etter siste eier, Salomon.

I 1820 ble et stykke av garden mot grensen til Rossnes, bygslet bort til Kjølv Bertelsen, en av ”Roarsfolket”, Hjertnesplass. Og det var også en bygslet husgrunn i dalen vest for Tuftene der ”Sisselastovå” stod.

På Hjertnesplass bodde i 1861 Christie Kjølvsdatter og mannen Lars Jørgensen, og de fikk

datteren Karen Malene. Karen giftet seg med Bård Kristian Jacobsen, Tverborgvik og de fikk fem barn. Mannen døde da barna var små, men Karen klarte å bli boende der helt til 1921, da hun flyttet til datteren i Hope. Jeg husker godt Karen kom på besøk, hun måtte se det gamle hjemmet. Vi kaller det fremdeles Karnahuset. Hun døde i 1956. Sønnen Lars kjøpte eiendommen av farfar i 1912, den fikk da gnr. 62/2, han solgte i 1921.

I 1797 fikk Iver Torbjørnsen Hjertnes byggle ”uskatlagt Husmandsplads Rossnes kaldet”, som ikke tidligere hadde vært dyrket. Her bygget han stovehus og løe, senere kom det til eldhús, sauehus, stabbur og jordkjeller. En av hans etterkommere, Ole Bertelsen, overtok Rossnes i 1862. Han var gift med Ragnhilde Martine Svendsdtr. Haavig og de fikk en sønn, Svend Andreas. Ole døde etter bare et par år på Rossnes, Ragnhilde giftet seg igjen med Ole Årsteinsson Tverborevig. Dette ble mine oldeforeldre. De fikk



Gamletunet på 62/1, til daglig kalt ”Roarstunet”.



Oldemor, Ragnhilde Martine Svendsdtr. Haavig



Anna Marie, gift Bjørøy

6 barn: Aanen, Anna Marie, Inger Dorte (Thea), Nils Berner og tvillingane Katrine og Rakel Oline.

De var arbeidsomme og flittige folk. Mer jord ble dyrket, ei stove ble bygd til mot nord, der var naust med not bruk, og han var med Bergesfolket og bygget sjøbu i Lindalen. Der bokra han tønner, inntil for få år siden kunne man se muren etter grua der tønnene ble fyrt, d.v.s. bli varmet opp før forming kunne skje. Der salta han sild og makrell for salg. Han var nevenyttig og flink til det meste, laga kiper og korger og var en dugande treskomaker.

Oldemor var ”skredderske”, hun sydde mannsfolk-klær etter mål. Hun spant garn og drev med plantefagring, hun vevde åklær og ”kvitlar”. Hun dyrket urter og visste om planter til medisinsk bruk. En liten linåker hadde hun også, og etter mange år fikk hun samlet så mye lin at det ble til duk, som hun naturligvis vevde selv. At den ble klippet opp til bleier i krigens vareknapphet er for meg uforståelig.

Svend Andreas drev med fiske og arbeidet sammen med stefaren mellom sesongene. Han var forlovet med Bertha Nilsdtr. Vorland, men fikk lungebetennelse og døde før det ble giftemål. Aanen var medeier i to seilskøyter, ”Stjernen” og ”Sjødronningen”, de gikk i fraktfart og drev fiske. Et par år etter halvbrorens død ble han og Bertha Nilsdtr gift og de bygget hus på Brubakken, et jordstykke han kjøpte av svigerfaren på Hidle. Og som skikken var dengang, tok han navnet Vorland. De fikk fem barn, Svend, Gabrielle, Rakel, Berger og Aalyder. Aanen døde i 1906. Bertha hadde gått jordmorskolen i Bergen, og var distriktsjordmor i Bømlo helt til 1932.

Farfar hadde nå mistet begge sine brødre, som vi forstod var savnet dypt. En båt, ca. 40 cm lang, med full seilføring som Svend hadde laget til ham da han var barn, var en av ”dyrgripene” hans. Og bilde av Aanen hang over senga hans så lenge han levde. Det er nå i en av Aanens oldebarns eie.

Anna Marie var eldste datter, og ble den som hjalp foreldrene så lenge de levde. I ungdommen var hun en tid hos gamle slektinger i Håvik, siden gikk hun i sildearbeid både i Langevåg og

Haugesund. Da hadde hun med seg varer som hun solgte til fiskerne. Sokker, vanter og ulltrøyer. Og ikke å forglemme de vakre ”bregdabåndene” i rødt og grønt. De var til å knytte under kneet for å holde sokkene oppe. Anna ble gift med Engel Bjørøy, de fikk en sønn, Kristoffer, i 1907. Han var sjømann og døde i Hamburg i 1958. Engel døde i 1920-årene, og Anna hadde hjemmet sitt på Rossnes til hun døde i 1954, bortsett fra da hun var husholderske hos svogeren på Tau ca. 3 – 4 år. Eldhuset fikk hun bygget om til gris- og hønsehus, hun spant garn for folk og strikket og reparerte tøy for fiskefolket, og hun bakte lefser. Hadde noen bruk for hjelp i onnene, var Anna lett å be, betalinga ble da ofte naturalier.

Anna hadde klisterhjerne. Folk og slektskapsforhold, navn og hendelser, alt kunne man spørre Anna om. Almanakken og huspostillen, alt kunne hun utenat. Ved høytidelige



*Typisk bilde av Thea og Anna.
Dette er tatt i Stavanger og de har nok vært på torvet og kjøpt fisk*

anledninger leste hun en bordbønn som tok ca. 20 min. Det var mange ”Eleison”, maten ble kald, men ingen torde si noe. Men når sant skal sies, hun kunne også si fram en kraftig forbannelse hvis det passet.

Inger Dorte, bare kalt Thea, hadde sitt første arbeidssted i Haugesund der hun var tjenestepige. Siden fikk hun arbeid hos Erik Haaland som hadde brusfabrikk (Viking) og bakeri. Thea var i bakeriet og forretningen i 2 – 3 år før hun reiste til Stavanger der hun arbeidet på Stavanger Smørfabrikk i mange år. Sine siste arbeidsår hadde hun hos Idsøs Konditori der hun var vaskekone.

Hun og Anna hadde et nært forhold livet ut. Da ”trygda” ble innført bodde de gjerne i Stavanger om vinteren og på Rossnes om sommeren. ”Flyttfuglene” kalte man dem gjerne når de var på reisefot igjen. Når de kom om våren, hadde de alltid presanger med til oss barna.

Thea var en slagferdig og humørfylt dame. Fortalte historier med en innlevelse så folk lo seg kroket. Hun var en flink bakstekone, og mange på Bømlo fikk bakt julelefsene sine av henne før de dro sørover om høsten. Mange har fortalt at de gledet seg til hennes ankomst, både til lefsene og historiene. Thea røkte, det var en kjent hemmelighet, det var ikke helt vanlig at damer røkte på den tiden. At hun også tok en dram og to i godt selskap forteller vel også litt om hennes fargerike personlighet. Thea giftet seg aldri – kunne ikke glemme en hun ikke fikk, sa hun! Hun døde i 1955.

Katrine hadde lært å sy hjemme hos mora, hun reiste til Stavanger der Thea allerede bodde. Hun fikk arbeid på et skredderverksted, og her traff hun han som skulle bli hennes mann. Han var trønder fra Oppdal, het Elias Thilseth og var dreng på Tau. Der fikk de sitt hjem, hadde en stor gard på Tjøstheim og fikk fem barn. Det er en stor familie etter dem. Rakel Oline, tvillingsøsteren, døde i 9-års alderen.

Farfar og farmor:
Farfar, Berner Hjertnes, hadde sin første arbeidsplass i gullgruvene på Løkling. Det første han ble satt til var å dra et hjul som holdt pumpene



Berner Hjertnes og Serine Nerheim,
viet 3. des. 1899

i gang i ei gruve der det var vann. "Hvis du stanser hjulet, drukner de der nede" var beskjeden han fikk.

Mora hadde sett at han var flink med hendene, og var en pådriver for å få han til å søke snekkerfaget. Han reiste til Haugesund og begynte i Snekkermester Theodor Olsens Møbelfabrikk. Der måtte han først bevise at han kunne håndtere verktøy, før han i 1893 fikk lærekontrakt.

"Læretiden er bestemt til 4 år. Drengen skal i denne tid have Undervisning i Professionen, saavidt som hans Evner tillader, saa han efter udstaet Læretid kan betragtes som en dugelig Svend, og skal han i Læretiden have Kost, Logi, Vask og Lap forsvarlig"

Videre måtte han ikke forlate huset, natt eller



Første 17. mai med rent norsk flagg! Berner Hjertnes med sin eldste datter, Kari

dag, uten tillatelse fra meisteren eller hans kone. Gutten fra landet måtte naturligvis "døpes" av de andre lærersvennene, og det skulle ikke mye til for å få ham full. Da han våknet neste morgen i sitt eget oppkast, lovet han dyrt og hellig at det aldri skulle skje igjen. Han ble medlem av IOGT, og sitt avholdsløfte holdt han all sin dag. Senere var han aktiv skytter i det som dengang het Haugesunds Skytterforening. Mange flotte premier hentet han hjem derfra. På denne tida var det at søsteren Thea var i arbeid hos Erik Haaland. Og det var her han traff farmor.

Farmor, Serine Haldorsdtr. Nerheim var fra gården Nerheim i Ølen. Moren døde da farmor var i 5-6 årsalderen, og faren giftet seg igjen. Han var en streng far, og stemoren visste å sette seg i respekt. Så da farmor vokste til og det viste seg

at også hun hadde meningers mot, hva var da mer naturlig enn at hun skulle få flytte til morbror Erik i Haugesund. Han hadde fire døtre selv, og visste nok hvordan piker skulle oppdras.

Det gikk nok en tid før morbror Erik fikk vite om romansen, og da ordnet han det slik at frøkenen skulle til Bergen for å lære husholdning. Så håpet han vel at det skulle kjølne mellom dem, læregutten fra landet var ikke helt etter hans hode, men de holdt kontakten. Farmor fortalte at det beste som kom ut av Bergensoppholdet var at hun lærte å tilberede og å spise fisk, noe som sannelig kom vel med senere i livet.

Farfar kjøpte et uinnredet hus på Grønhaug med stor tomt. Her innredet han først hovedetasjen og leide bort, og så gjorde han ferdig annenetasje til seg selv. De giftet seg 3. des. 1899 og flyttet inn i huset som ble deres hjem, og der de tre første barna ble født.

Han bygget snekkerverksted i gården, der han snekret om kveldene. Han var med i brannkorpset og deltok i slukkingen av torgbrannen i 1899. Byen hadde da fått et lite elektrisitetsverk, som bl.a. kinoen brukte, der hadde han sine vakter under filmframvisningene. I de store sildefiskeårene tok han seg fri for å gå på sildearbeid, der var det bra penger å tjene. På den store tomten hadde de potetåker og bærhage og hønsehus.

Lyspunkter i tilværelsen var det også. Etter avlagt svenneprøve ble han rådet til å söke stipendum til en utenlandsreise for å studere møbelarkitektur. Th. Olsen skriver et fint anbefalingsbrev, der det bl.a. blir fremhevet at han er edrueelig. Reisen gikk til København og Malmö, og varte ca. ½ år. Da han kom hjem, var deres eldste datter født.

Da var Th. Olsens firma i gang med innredningen av Vår frelsers Kirke, og farfar fikk være med på den. Prekestolen der er hans verk.

Men det var sjø og fiske som lokket, drømmen om det store varpet. I flere år kjøpte han not og utstyr som han lagret i naustet i Hjertnesvågen. Han hyrte ”notabøtar” til montering og tilvirkning, mens de bodde på Rossnes hos mora. Det var her



Haldor Hjertnes og Elen Sørheim

Engel Bjørøy kom inn i bildet, han som ble gift med Anna.

I 1912 kjøpte farfar Hjertnes av Salomon Roarsøn, den siste gjenlevende av Roarsfolket. Men det måtte en del ”vøling” til før de flyttet hit. De bodde da en tid på Vorland og siden på Rossnes. Men straks de var kommet inn i eget hjem, gikk han i gang med å hogge tømmer til nytt hus. Det stod ferdig i 1918, og var nok en gledens dag, spesielt for farmor. Da var barneflokken blitt til seks, Kari, Ragnhild, Haldor, Signe, Bergit og Ågot.

Under byggeperioden ble det et forferdelig uvær med orkan – de var redde for at det skulle bli blåst ned. Det gikk heldigvis godt, men et stort eiketre på vestsida av huset ble tatt av stormen. Da



26. august 1954 Foran f.v. Sigrid, far, Bjørg og mor. Bak f.v. Inger, Haldis og Lillian

sa farfar at når det ikke kunne bli tuntreet deres, skulle det i alle fall bli møbler i det nye huset. Og det ble det, møblene står her den dag i dag. Det gamle våningshuset ble nå til snekerverksted, bod og redskapshus. Det var fiske som ga inntektene, men det ble dyrket mange mål jord, bl.a. den store myra foran det nye huset.

Det var en tung skolevei for barna fra Hjertnes. Skolen var på Andal, annenhver uke. Læreren vekslet mellom Andal og Tjong, en uke på hver. I fint vær rodde de, ellers var det å ta bena fatt gjennom skogen. Var det "forgale" vær var Kaia og Ånen på Tollevik gode å ha, her fikk de komme. Det var "Hilj-Olaen" som var lærer. Da far møtte opp med skrivebok og blyant, ble han rasende og brakk blyanten, her skulle det være tavle og griffel – tavla ligger på loftet den dag i dag.

Far, Haldor, kom med i fiske og i gardsarbeidet. De hadde skøyte med brislingbruk som de fisket innover i fjordene med. Ellers var det heimefiske etter sild og makrell, hummer og laks. Han fikk en vinter på Fylkesskulen på Fitjar, noe han

så tilbake på med stor glede. Etterpå tok han kystskipperskolen.

Mor, Elen, var født i Vats, men kom til Spanne i 7-årsalderen da foreldrene kjøpte gard der. I ungdommen tjente hun i noen år hos familien Scanke på Utstein Kloster, det var spennende å høre henne fortelle om denne tiden – den store familien og ikke minst om spøkelset. Etter endt sylære (som alle måtte ha i den tiden) skulle hun ha sommerjobb, helst på gard. Kikket i avisene og så en som søkte etter tjenestejente i "Vikafjord, Ytre Led". Trodde hun skulle til Bergenskanten da hun gikk om bord i "Karlsund". Men til sin store overraskelse havnet hun 2 – 3 timers reise fra Haugesund. Og det ble hennes skjebne.

De giftet seg i 1931 og bosatte seg på Hjertnes der de overtok garden i 1935. Det ble dyrket mer jord, sletta nede i vågen ble ryddet for stein, det var et svært arbeid, noe steingardene der nede vitner om. Far kjøpte Hjertnesplass og Rossnes og eide nå hele Hjertnes, ca. 750 mål, av det var omlag 35 mål dyrka mark. De hadde 3 – 4 kyr, okse, hest og sauер og alte opp kalvene til slakt.

Farfar og farmor var nå ”folgefolk”, de hadde ei stor folge. Husrom, ku og fem sauер, poteter, korn og ved og 1/3 av all frukt og bær.

Fem barn vokste nå opp på Hjertnes, Haldis, Sigrid, Inger, Lillian og Bjørg. Skoleveien var lang, vi måtte i båt, for etter søknad fikk vi gå på Straumøy skule som lå i Moster kommune, den var den nærmeste. Om vi hadde det ensomt? – spør mange. Nei, vi hadde det bra, det var nok å finne på og det var ofte besøk. I flere år hadde vi to jenter fra Haugesund boende hos oss i hele sommerferien, tror ikke de savnet Strandgata en dag. Folk hadde ærend til hverandre, det var ikke telefon i huset i de dager. Skulle de be om ei ”beine” måtte de komme.

Far bistod gjerne med ”skriverier”, det kunne være søkerader, utfylling av skjemaer o.l. Jeg gjemmer på et par brev med hans nydelige håndskrift. Han var med i fiskarlaget, og da Makrellaget ble stiftet, var far representant for området her i mange år. Og da den såkalte ”Landslot-saken” kom opp i 1954, hadde han mye arbeid med den.

Mor og far hadde mange, men strevsomme år på Hjertnes, men til slutt ble de alene her. De fikk da kjøpt ”Sørli” på Tjong og flyttet dit i 1974, da min

mann Kristian og jeg overtok garden. De fikk det trivelig der, med kjentfolk i alle hus i nablaget. Mor gikk i Kvinneforeningen, de var med i Pensjonistforeningen og de hadde ofte besøk. Men far hadde fått påvist Parkinsons sykdom, den tiltok fort de siste årene og han døde i 1982, bare 75 år gammel. Mor solgte huset og kjøpte leilighet i Haugesund. Hun døde plutselig i 1990.

De siste årene på Hjertnes hadde far gått over til sauehold, noe vi fortsatte med i 30 år. Nå beiter det villsauer her, slik at jorda ikke skal gå helt tilbake til naturen. Og nå lever Kristian og jeg vårt pensjonistliv her ca. 8 mnd. i året. Det er fem hytter her, alle eiet av familiemedlemmer, noen av dem er også pensjonister.

Vi har den lune Tjongspollen på en side og Bømlafjorden på den andre, vi har turmuligheter i skog og mark og bil på Tjong. Men når isen legger seg i Pollen, er det ofte strevsomt å gå gjennom skogen fra Berge eller Andal. Er været fint er det allikevel herlig fredelig med noen dager her – da også.

(Alle foto fra Haldis Tollaksen)



17. mai 2009

Geitung skulesoge

Av Oddrun Geitung

Før det vart skule på Geitung måtte dei som ville læra å lesa og skriva ro att og fram til Lykling eller innhysast på land. Skulen på Geitung byrja i 1861. Det var omgangsskule på Geitung til 1875. Frå då av leigde kommunen eit sjøhus til å ha skule i. I 1890 hadde Geitung 8 elevar og 9 veker med skule for året.

Skule i sjøhus

Skulen vart halden i det nordre sjøhuset som Simon Asbjørnsen bygde.

"Jørgen Jørgensen Hiskholmen dreiv med handel her med skrifisket varte. Denne gjekk for seg på eit panelt kammers i andre høgda på eit sjøhus. Der var luke med hengsler i eine veggen som vart slegen ned og tente til disk. Same sjøhuset gjekk me på skulen i og då var kammerset framleis kalla krambua, sjølv om det då var lenge sida der var selt noko der. I orkanen i 1952 blest sjøhuset over ende, men det vart oppatt bygt, men ikkje krambua." (Halvor Geitung).


Læraren var innhyst hjå Paul og Sanna Baardsen og hadde kosten der. Frå 1907 var skulen i "Vestrastovå", for dei måtte ha sjøhuset til losji til "nothundane". Men då Simon Paulsen innreidde

listerskøyta han hadde til losji, vart skulen flytta ned att i sjøhuset.

"I den tida me brukte flaskelykt var me atten born som gjekk i samla skule tolv veker for året nede med sjøen på eit gamalt sjøhusloft. Dei fleste av oss har måttå leva med den lærdommen me fekk der. Dei siste åra fekk vel dei fleste av oss gå på skulehuset som vart bygd i 1919. Mest alle ungane hadde flaskelykt og det var litt av eit syn når alle var ute og sprang med flaskelykta" (Halvor Geitung)

Skulehuset på Geitung

Då skulestyret hadde gjort vedtak om ny skule i Lykling, vart det samråystes vedtatt å flytta det gamle skulehuset til Geitung. Den gamle skulen vart riven og flytta til Geitung og reist opp att i 1919. Geitung var den siste av dei gamle krinsane som fekk eige skulehus.



Skulebilete tidleg på 30-talet. Bakerst f.v.: Edvard Edvardsen, Johan Johansen, Paul Simonsen, Helmik Madsen, Laura Geitung, Gudrun Knutsen, Maren Kloven. Fremst f.v.: Magnus Madsen, Simon Simonsen, Edvard Larsen, Olav Geitung, Hilma Lovise Edvardsen, Andrea Folgerø og Agnes (etternamn ukjent)

"Hans Innvær, Martin Hisken og Ole Knudsen bygde skulehuset her. Me var nokre guta i ti-tolvårs alderen som var svært interessert i det nye skulehuset, då me gjekk på skule på eit gamalt sjøhus. Hans var den sjølsagde sjefen for bygget, han var og noko hissig av natur, so me laut bera oss visleg åt eller so vart me heim jagde. Ein dag kom Baard frå Søre-Løklingholm til Geitung for å selja nokre teinetrøskar han hadde laga. Han tok seg ein tur opp for å sjå på skulebygget og det var då Hans møtte han med desse



Bak f.v.: Einar Edvardsen, Karl Simonsen, Jorun Larsen (f. Knutsen), Bjarne Geitung, Astrid-Marthe Mo. Framme f.v.: Geir Edvardsen, Reidar Geitung (f. Edvardsen), Ingebjørg Larsen (f. Knutsen), Berit Kråkenes (f. Geitung), Solveig Geitung (f. Geitung), Paula Helland (f. Simonsen).

Skuleåret 1957-58

orda: "Kjeme du for å bøta notabolkjen min no"? "Æ stø – da gjere eg ikkje," svara Baard. "Vil du kjøssa meg i revå då"? "Æ stø – da gjere eg ikkje – da skal fagfolk til da," svara Baard. Hans vart rasande, Baard hadde nok treft spikaren på hovudet. Hans var ein flink bygningsmann, men han ville og vera det." (Halvor Geitung)

Lærarane

Det var hardt for lærarane å reisa rundt til øyar og holmar i all slagsvêr. Det er derfor ikkje rart at det er så stor skifte av lærarar på Geitung. Den einaste læraren som har halde ut i lengre tid er Solveig Grimstad. Ho var lærar frå 1920 og heilt fram til skulen vart lagt ned våren 1940.

I den tida skulen låg nede, var dei fleste elevane innhyste på land og gjekk på Lykling skule.

Elevtalet auka igjen, og i 1950 vart det innvilga vinterskule på Geitung. Året etter var det full skule

på Geitung med 18 veker samla skule.

Det var for det meste studentar som var lærarar, og dei fleste var berre eit år. Dei siste skuleåra var læraren delt mellom Geitung og Hiskjo. Elevane hadde 14 dagar skule og 14 dagar fri. Når elevane hadde eksamen, hadde dei ein dag i Hiskjo og ein dag på Geitung. Dei to siste lærarane hadde berre skule på Geitung. Grethe Karin Skimmeland var den nest siste læraren, . . . men bodde ett år på Geitung på Bømlo da hun var 18 år . . . "skulle undervise fem elever. Bodde bare 25 mennesker på øya. Jeg grein da jeg kom, og grein da jeg dro". (Intervju med Grethe Skimmeland Grinde i Haugesunds Avis 20. aug. 2005).

Etter henne var Åge Ottesen lærar og han vart den siste læraren på Geitung skule. Skulen på Geitung vart lagt ned våren 1966 til stor sorg for foreldre, og born som enno var i skulepliktig alder. Elevane måtte då innhysast på land.

Geitung skule blir lagt ned

Situasjonsrapport frå 1965

Livet på Geitung har ikkje berre vore ein kamp mot naturkrefstene, men og mot styresmaktene, denne gongen for å ta vare på skulen. Og nettopp skulen er det tristaste kapittel i soga om Geitung i dag, og det mest brennande spørsmål for dei som bur her. Det har alltid vore vanskar med skulegongen her, – men borna har no fått koma på skule i heimekrinsen, og lært noko har dei og. Men no er antal skuleborn kome ned i 5, og presset for å få skulekrinsen lagt ned vert stadig sterkare.

Bømlo skulestyre hadde vedtatt at Geitung frå komande skuleår skulle leggjast til Lykling skulekrins. På det møtet var ikkje Halvor Geitung til stades, men han kom sterkt igjen, og opptrådde på neste møte som ein overbevisande talsmann for at det måtte søkjast om å få behalda skulen også komande skuleår. Det vart gjort, men svaret har ein ikkje fått enno.

Når den nye barneskulen på Våge vert tatt i bruk, kjem Geitung til å høyre til denne krinsen, saman med Sakseid, Vornes og Lykling. ”Når skulen fyrst vert lagt ned, har det ingenting å sei for oss her ute kva krins me vert slegen saman med”, seier Geitung, ”folk kjem jo likevel til å senda borna sine der det passar best for å gå på skule – til nære slektingar eller vene som dei kan bu hos”. Om nokon kan tenkja seg kva det vil sia at ein familie vert splitta slik frå borna er i 7-8 års aldaren, er det vel Halvor Geitung. Framleis har han to born på folkeskulen, og to som enno ikkje har byrja. (Fritt etter Haugesunds Avis, 14.8.1965)



*Bak: Paula Helland (f. Simonsen), Geir Edvardsen, Reidar Geitung (f. Edvardsen), Solveig Geithung (f. Geitung)
Framme: Ingebjørg Larsen (f. Knutsen), Tore Geitung, Svein-Åge Simonsen, Ester Geitung Larsen (f. Knutsen). Skuleåret 1960-61*



*Bak: Tore Geitung, Oddlaug Raake, Ester Geitung Larsen (f. Knutsen), Oddrun Geitung, Svein Åge Simonsen.
Framme: Harald Stenvaag. Skulebilete 1965*

Våren 1966 var alt håp ute om eigen skule på Geitung. Barnetalet hadde gått ned att. Dessutan tok 7. klasse til på Bremnes ungdomsskule frå hausten 1965. Halvor Geitung, som var krinsen sin mann i skulestyret sa til avslutning. ”Vi må berre sjå det i augo at no er det for alltid slutt med



Vindusrekka: Svein Åge Simonsen, Tore Geitung,

Ester Geitung Larsen (f. Knutsen)

Midtrekka: Oddlaug Raake, Oddrun Geitung. Skulebilete 1965

skulen i Geitung". Det var slutt på dei rike fiskeåra og dermed var det viktigaste vilkåret for busetjing over. Då skulen vart lagt ned, var det to elevar som gjekk i barneskulen og ein som skulle byrja.

Skulehuset – brukt som grendehus

Skulehuset vart det nye samlingspunktet i bygda
Skulehuset er eit vigsla hus og det vart nytta både som bedehus og til søndagsskule. Omreisande emisærar haldt bønemøte der.

Skulehuset var også politisk val- og møtelokale. I 1934 hadde ein frå Geitung skrive til skulestyret og klaga over reinhaldet etter møte som vart haldne i skulehuset. Det gjaldt særleg i fisketida. Møta vart haldne til langt ut på natta utan skikkeleg utluftning. Det vart teke opp i skulestyret som vedtok å senda eit slikt svar: "Etter det same vart opplyst i skulestyret, fann skulestyret at møti kunde haldast i Geitung som i andre krinsar der dei ikkje hadde andre møtelokale, men vil på same tid segja at møti bør vera slutt ca 10 um kvelden og krinsformannen vert pålagd å sjå etter at dei

vanlege reinhaldsreglar vert fylgde".

"Det vart stelt i stand juletrefestar kvart år heilt frå skulen vart bygt til han vart lagt ned. Desse festane kunne vare til langt på natt. Ofte overtok ungdomen etterpå og hadde skalkefest i dei små nattetimar. Det kom ofte ungdomar frå Holmen og var med på desse festane". (Inger Løklingholm)

Skulehuset vart og brukt til gravferder. Gravferd 1923 der Peder, 29 år, omkom på havet: "Etter ein kom frå gravplassen ved Løklingkyrkja, var det duka for ferskt kjøt og kjøtsuppa i skulehuset, der var fleire bordseter. Tilla (Matilde) i Myrå kokte, ho var mykje nytta til kokk i større samankomster". (Halvor Geitung).

Skulehuset i privat eige

I 1972 overdrog kommunen skulehuset til Halvor Geitung. Han hadde planar om å starta museum, samla ein del gamle gjenstandar, men pga dårlig helse kom det aldri så langt. Etter at han overtok, vart det og fast tradisjon med å ha gudsteneste i skulehuset på Kristi Himmelferdsdag. Prest og fastbuande på Bømlo kom då utover til Geitung for å vera med. Kateteret vart teken ut og brukta som preikestol. Benkene frå skulestova vart og tekne ut. Det har vore opp til 300 menneske samla her ute. Kvar gong kokte Halvor og søster hans, Tora Geitung, betasuppe som alle fekk forsyna seg av gratis. Etter betasuppa, fekk folk kaffi og kringle som Halvor hadde laga. Presten, Erling Kopperud, tykkjer og det er gildt: "Eg har vore her fleire gonger, og føler at dette er noko spesielt." (Haugesunds Avis 10.5.91)

I 1995 overtok dotter til Halvor Geitung, Oddrun, skulehuset og ho bruker det til sommarhus, men det er framleis høve til å nytta det som forsamlingshus, bl.a. har det vore feira sølvbryllup og åremålsdagar der.

Oddrun Geitung har søkt kommunen om pengar til å restaurere skulehuset som er i sterkt forfall. Kommunen og fylkeskommunen seier: ”Både i form og plassering er Geitung skulehus tidstypisk og historieforteljande, og det har tent fleire samlande funksjonar i lokalsamfunnet... og svarar slik eit ubetinga ja på at Geitung skulehus er verneverdig og bør takast vare på” (Sunnhordland 23. jan. 1998). Likevel kunne dei ikkje yta økonomisk hjelp til dette arbeidet. ”Eg ser på dette huset som ein arv eg tar vare på til framtida. – Eg har berre dette huset på lån til komande generasjonar.” (Oddrun Geitung)

Skuleminne

Førskule

Det var året før eg byrja på skulen. Haldri Gåsemyr var lærar og ho budde heime hos oss. Eg ville så gjerne vera med på skulen eg og. Derfor fekk eg lov til å koma og sitja i lag med dei andre elevane. Eg hadde med meg veske, dekorert med trafikkskilt, til skulen og var veldig kry. Eg fekk sitja og teikna. Men eg høyrde på dei andre, så eg snappa nok opp litt lerdom av det. Eg gjekk nesten kvar dag på skulen og synst det var voldsomt kjekt. Det var eit fritt og fint liv og eg hadde jo ikkje så mange andre å vera i lag med heller. (Ester Geitung Larsen)

Første klasse

Første skuledag

Det var Aud Hilde som var lærar når eg skulle byrja på skulen. Då eg kom på skulen fyrste dagen, fekk eg vita at eg var for liten så eg kunne ikkje byrja på skulen. Dette vart eg både sint og lei meg for, men eg fekk no byrja likevel. (Solveig Geitung)

Alfabetet

Det var i fyrste klasse. Læraren var Sønneva Christensen. Då ho skulle læra oss alfabetet, hoppa ho over nokre bokstavar som c, q, w, x, y, z, æ ø, å. Eg lo godt då eg kom heim. Eg synst det var rart at me skulle ha ein lærar som ikkje eingong kunne alle bokstavane. (Tore Geitung)

Lekser

Det var i fyrste klasse og læraren var Liv Sæbø. Den første leksa eg hugsar var å pugga utenat

fyrste vers av ”Gud signe vårt dyre fedreland”. Det kom til å stå for meg som ei umogleg oppgåve for eg forstod ikkje alle orda. Særleg vanskeleg var setninga: ”og vetter for vårsol røma”, for vetter var jo slike ein hadde på hendene når det var kaldt, men eg fekk god hjelp frå mor mi og tanten min så eg forstod det til slutt. (Oddlaug Raake)

Fotografen

Det var i fyrste klasse. Lærarane mine var Olav Nes og Reidar Innvær. Det kom ein fotograf til skulen og han hadde med seg eit stort, svart apparat. Eg skulle fyrst i elden og sidan eg ikkje visste kva han skulle gjera med dette apparatet, var eg livredd. (Berit Kråkenes)

Frøken Grimstad

Ein lærar

Eg hadde éin lærar heile skuletida mi. Ho heitte Solveig Grimstad, men me kalla henne berre frøken Grimstad. Det var spennande å byrja på skulen. Me var 13 elevar fyrst, men så vart me 11 og til slutt var me berre 4. Frøken Grimstad var ei eldre dame og ho var därleg til beins. Ho var svært streng og me hadde stor respekt for henne. Enkelte elevar hadde nok meir enn respekt for henne, dei var livredd. Bl.a. fekk ho elevar i lag med seg og song ”nidvise” dersom eleven ikkje kunne leksene godt nok. Ho gjorde skilnad på elevane og hadde sine yndlingar. Ho hadde god luktesans for når me hadde vore heime og ete middag så sa ho at ho kunne lukta kva kvar enkelt hadde hatt til middag. Så då opna ho vindauge for å lufta ut. Men eg hugsar likevel skuletida mi som ei rad med sorglause dagar. (Inger Løklingholm)

Naturfag

Me hadde frøken Grimstad til lærar. Ho kunne vera både sint, sur og blid. Og ho var ein flink lærar. Det gjekk bra med meg og henne, sjølv om ho ein gong slo læreboka i hovudet mitt så ho gjekk sund. Eg plukka ofte blomar til henne når me hadde naturfag. Ho viste oss kva dei ulike blomane heitte. Ein gong kom bror min, Bjarne, og Palmar Løklingholm inn med ein stor tistel som dei sette på kateteret. Tistelen vart seinare plassert ute på gangen før han vart kasta. (Godtfred Geitung)

Karl Strømø

”Men so tok me på å senda brev til kvarandre inne

i skuletimen, men læraren me hadde var ein vaken kar, han var frå Åkerfjorden og heitte Karl Strømø. Me sa om han at han hadde auge i nakken, og so bar det ikkje likare til enn eg som sat på ein pult nede i skulestova skulde senda eit brev til ei jente i framste pulten, at brevet vart oppdaga og kverrsett av læraren. Det vart forhør, og eg laut vedkjenna at det var eg som var syndaren. Han sa ikkje so mykje, men let brevet liggja på kateteret med han var heime til middag, og då var eg snar å fekk tak i det og høyrd aldri meir om det" (Halvor Geitung)

Gode minner

Lese-skrive vanskår

Eg hadde lese-skrive vanskår når eg gjekk på skulen, og i dei dagar visste ikkje lærarane så mykje om kva det var. Men i 3. klasse fekk eg til alt hell ein lærar som hadde lærarskule, Haldri Gåsemyr. Ho lærte meg å lesa på fritida si. Eg kom til henne etter skuletid. Ho var eit godt menneske og gjorde dette utan noko form for vederlag. (Berit Kråkenes)

Vart teken vare på

Eg byrja på skulen eit år etter dei andre. Fyrste og andre klasse gjekk eg på Geitung skule. Det var ei god tid utan mobbing. Det var enkelt å koma til og frå skulen. I fyrste klasse hadde eg ein kjempeflink lærar, Haldri Gåsemyr. Ho kom og sette seg på sida av meg og prøvde å læra meg å lesa litt. Ho tok seg særskilt av meg. Ho var eit bra menneske og gjorde sitt aller beste. (Kåre Grutle)

Dramatikk

Hòl i panna

Eg og Geir Edvardsen skulle springa inn til timen. Det var det gamle utbygget med skyvedører og ei steintrapp innafor. Me storma innover og så gjekk det ikkje betre til enn at eg stupte overende og slo panna i steintrappa så blodet sila. Det var Aud Hilde som var lærar og ho spurde eleven, Ida Geitung, om ho ville bera meg frå skulen og heim. Det gjorde ho, men ingen var heime. Så ho måtte gå til fjosen og henta folk så dei kunne koma heim. Eg har enno merket i panna. (Solveig Geithung)

Hjerneristing og brekt kragebein

Alle elevane var i Klubben og skeisa på isen. Sønneva Christensen, læraren vår, var med oss.

Eg gjekk i 5. klasse. Det var litt snø på isen og så datt eg og det small veldig. Alle kvakk. Det var forferdeleg vondt. Søster mi, Solveig, fulgte meg heim. Det var ein lang, vond tur. Me brukte ein heil skuletime på å koma oss heim. Lækjaren kom heim til oss om kvelden og det viste seg at eg hadde hjerneristing og brekt kragebein. Lækjaren surra bandasje over bringa for å halda armen på plass og eg kasta opp mykje pga hjerneristinga. Eg fekk ikkje lov å sova, men vart halden vaken. Når lækjaren fekk vita kva veg eg hadde gått, sa han at det berre var eit barn som hadde klart noko slikt. (Berit Kråkenes)

Redd

Det var i fyrste klasse. Liv Sæbø var lærar. Søster mi, Berit, vart sendt heim fordi ho ikkje hadde læreboka med seg. Ho var svært fortvila, men måtte gå heim. Då kom eldstebror min, Bjarne, og han var skikkeleg sint på læraren. Dei kjesta og eg var livredd for eg trudde at dei kom til å slå til kvarandre. Seinare viste det seg at boka låg i bror min, Tore, sin ransel. (Oddrun Geitung)

Redd for kyr

Johanne og Wilhelm Raake hadde alltid kyr som sto i band rett utafor skuleporten. Me var derfor ikkje så glade for at skulegjerdet vart sett opp. Før gjerdet kom opp, var det lettare å lura seg heim. Men no hende det at kua sto rett utafor porten, så det ikkje var råd å koma forbi. Og kyrne til Raaken var kjende for ikkje å lika born, sjølv om dei vaksne ikkje høyrd på oss. Så det var mange stunder med redsle før me kom oss på skulen og heim att. (Solveig Geithung).

Sorg

Anne Grethe Lindeland

Det var i 2. klasse. Læraren var Anne Grethe Lindeland. Eg likte ho veldig godt. Og i friminutta hende det at eg lurte meg opp i fanget hennar. (Det var berre henne og Astri-Marte Mo eg våga å gjera det med.) Me fekk avskjedsgåve hos henne. Gavene hadde ho gøynt så me måtte leita etter dei. Eg fekk ei utklippsdokke. Ho hadde fått dokka når ho sjølv var jentunge og hadde tatt vare på henne. Og det har eg og gjort. Mange gonger hadde eg lyst til å klippa henne ut, men eg gjorde det aldri. Og dokka har eg den dag i dag. Når Anne Grethe Lindeland skulle reisa frå oss, gret eg sårt. Det var

ei stor sorg for meg. (Solveig Geitung).

Grethe Skimmeland

Me gjekk i 3. og 4. klasse. Læraren var Grethe Skimmeland. Det vart eit heilt spesielt tilhøve mellom oss småjentene og den unge læraren. Ho inviterte oss bl.a. med heim på loftet, til Kristiane og Johannes Geitung, der ho budde. Me sat på golvet og ho serverte oss te og kjeks. Ho var ein kreativ lærar og den einaste som laga skodespel med oss. Når ho skulle reisa, fekk me kvar vårt lykketroll og dei hadde ho skreve namn bak på. Mitt lykketroll var Tulutta og Oddlaug sitt var Makronelle. Og dei har me enno. Den dagen ho skulle reisa kjem me aldri til å gløyma. Ho gret og me gret. Og når me gjekk heim kvar til vårt så gret me vidare og det trur eg me gjorde i fleire timer. Det var slik ei sorg for ein kjekkare lærar kunne me ikkje hatt. (Oddrun Geitung, Oddlaug Raake.)

Musikk

Blokkfløyte

Åge Ottesen var ein flink musikar og han spelte fleire musikkinstrument, bl.a. tenorfløyte og trompet. Eg gjekk i 6. klasse og det var fyrste året me hadde musikkinstrument på skulen. Me var 4 elevar og alle hadde kvar si blokkfløyte. Åge Ottesen lærte oss både notelære og å spela på blokkfløyte. Eg og Tore Geitung skulle eingong opptre på juletrefest med blokkfløyte. Me skulle spela fire songar. Den første gjekk bra, den neste kom eg heilt ut av, men me fullførde no tilslutt. Men neste gong han ville me skulle spela offentleg, nekta me. (Svein Åge Simonsen)

Song

Me hadde mykje song på skulen. Om våren/ sommaren når det var fint vær hadde me også songtimar ute. Det hende me gjekk tur på Storhaug og hadde songtime der. (Oddlaug Raake).

Teikning

Plansjar

Eg var glad i å teikna, men fekk ikkje til å teikna på frihand. Eg vart derfor glad kvar gong me fekk teikna etter plansjar. Teikningane vart finare då. (Oddrun Geitung)

Flink å teikna

I 2. klasse hadde eg Astri-Marte Mo som lærar og

ho var så veldig flink å teikna. Ho skreiv og teikna i minneboka mi. Og eg synst det var noko av det finaste eg hadde sett. (Berit Kråkenes)

Handarbeid

Bluse og sekk

Når me var i lag med Hiskjo, hadde me ei veke handarbeid og gutane hadde sløyd. Me var innkvartert privat i Hiskjo. Dette var når Sønneva Christensen var lærar. Eg hugsar me laga ein rød og kvit rutete bluse, og ein sekk med initialane våre på. (Solveig Geitung)

Sport

Kjelkekongurranse

Åge Ottesen laga til kjelkekongurranse for oss. Kjelkane me hadde var alle heimelaga, men det var min kjelke alle brukte i konkurransen. Det var fire elevar og fire premiar. Premiane var tinnpokalar i ulike storleikar. Eg trur alle har disse pokalane enno. Det var Tore Geitung som vant, Svein Åge Simonsen vart nummer to, Oddrun Geitung vart nummer tre, og eg kom sist, men det ville eg og, så eg streka nedover bakken. Eg synst den minste pokalen var finast. (Oddlaug Raake)

Skirenn

Det var i 4. klasse. Astri-Marte Mo hadde laga til skirenn på skulen. Ho hadde lånt med seg gamle ski til nokre av elevane. Eg hadde lånt meg ski, men bindingane var altfor store så dei datt av meg heile tida. Eg vart sint fordi eg derfor kom heilt sist i mål. (Solveig Geitung)

Skeiser

Det var Åge Ottesen som var lærar. Den vinteren var det ganske kaldt og heile Nautøyvatnet fraus til slik at det var trygt å gå der. Læraren lærte oss å skeisa litt, han lærte oss kva stil me skulle ha og me fekk gå rundar. Me laga plog som me brukte for å få vekk snøen av isen. Restane av plogen ligg der ute den dag i dag. (Svein Åge Simonsen)

Høgdehoppstativ

Det var læraren, Grethe Skimmeland, som ville at me skulle byrja med høgdehopp. Svein Åge Simonsen og eg snekra høgdehoppstativet og det var flittig i bruk i gymnastikktimane. Listverket fann me under skulehuset. (Tore Geitung)

Friminutt

Åge Ottesen var med oss ute i friminutta. Han lærte oss å bretta og kasta papirfly. Det var veldig kjekt. (Svein Åge Simonsen)

Leikar

Eg hugsar me leika hauk og due, slå ball, tikken, kanonball, lite vink og gjøymslelik. Om vinteren aka me kjelke ned Gustavsbrekka. (Solveig Geitung)

Fleire leikar

Me munka saman med frøken Grimstad. Me slo jeppe, slo ball, hinka paradis og hoppa tau. (Inger Løklingholm)

Jul

Adventskalender

Eg gjekk i 5. klasse og hadde Grethe Skimmeland som lærar. Ho hadde kjøpt ein adventskalender til oss. Det var ei julekrybbe med figurar inni. Me trakk ein figur kvar dag til krybba var komplett. Siste dagen trakk me lodd om krybba og Oddlaug vann. Eg vart veldig skuffa for eg synst krybba var så fin. Eg sette seinare lys og batteri i julekrybba til Oddlaug. (Svein Åge Simonsen)

Julespel

Grethe Skimmeland var lærar. Me var 6 elevar. Ho laga til eit julespel som alle på øya kom og såg på. Det var stor stas. Det var fleire av tilskodarane som måtte fram med lommeduken og tørka ei tåre eller to. Julespelet handla om ei prinsesse, Oddlaug, som ikkje var nøgd med noko. Ester var kammerjomfrua hennar. Eg var engel, og Svein Åge, Tore og Harald var nissar som kom inn og ut av skulehusvindauga. Den eine nissen, Tore, kom med ein sekk med gåver, men prinsessa var ikkje nøgd med noko så ho kasta dei vekk. Då kom engelen i kvit kleddnad og med to tende lys i hendene og sa: "Eg tykte nokon gret". (Oddrun Geitung)

Skuleturar

Hiskjo

Eg hugsar dei som var eldre enn meg fortalte at frøken Grimstad hadde tatt elevane frå Geitung med seg til Hiskjo på skuletur. Dei rodde att og fram. Frøken Grimstad budde i Hiskjo og elevane fekk mat hos henne på turen. (Inger Løklingholm)

Stavanger

Det var i 6. klasse og frøken Grimstad var lærar. Me skulle få reisa til Stavanger på skuletur. Etter diskusjon med far og mor, fekk me lov å reisa. Det kosta nemleg 3 kr,- pr. elev. Og me måtte jo ha litt pengar med oss også. Me hadde niste med oss. Me var 4 elevar, søstrene mine, Ågot, Berta og meg og kusina mi, Walborg Raake. Elevane på Hiskjo var og med. Gustav Knutsen og far min, Edvard Eliassen, skyssa oss på motorbåten til Mælandsvågen. Der skulle me ta båten Brann IV til Stavanger. Turen vart seinare enn planlagt fordi båten hadde motorproblem, men til slutt kom me oss av garde. Det var litt av ei oppleving. Me hadde pengar med oss, men me vågde ikkje å kjøpa noko på båten, for me hadde aldri vore på butikk før. Me låg alle saman i ein lugar, nokre blei redde og andre sjøsjuke. I Stavanger var me innom fleire skular. Me gjekk i flokk og fylgje oppover gatene i byen. Ågot og Walborg såg seg så mykje rundt at dei gjekk rett på eit tre. Me traff to av søstrene våre på kaien, Ester og Solveig, som tente i Stavanger. Me kom attende til Hiskjo midt på natta. Gustav og far var der og henta oss. (Inger Løklingholm)

Lyngøy og Stord

Læraren, Åge Ottesen, hadde klassen fleire skuleturar med. Me var berre 4 elevar og det var siste året før skulen vart lagt ned. Den eine turen gjekk til Lyngøya. Det var vanskeleg å koma seg i land, og Oddrun Geitung vart redd og ville ikkje hoppa ned. Ho vart kjørt til tanta si på Grutle. Den andre turen gjekk til kisgruvene på Stord. Etterpå fekk me vera med læraren heim, til foreldra hans på Litlabø. Der fekk me middag og heimelaga is. Det siste hadde me aldri smakt før så det var ei flott oppleving. Me fekk vera med ut og handla litt i butikken som foreldra hans hadde. Me var og på besök hos han på Geitung. Åge Ottesen var kjent for å vera ein god forteljar og han fortalte mange morsomme soger. (Oddlaug Raake).

Olvondo

Lars Andreas Christensen var lærar. Me reiste på skuletur til Olvondo. Det var oss frå Geitung og elevar frå Hiskjo som reiste der i lag. Me kjørte med ei snekke frå Hiskjo. Utafor nordre moloen kjørte me på ei grunne, men det gjekk bra. På Olvondo var det mange måsar. Eg trur det var om

våren for det var mange egg der. Me hadde ein koseleg tur. I dag er Olvondo eit feda fuglevêr.
(Ester Geitung)

Olvondo igjen

Eg var og med på turen til Olvondo. Det var Bjarne Østensen frå Hiskjo som kjørte båt. Han gjekk i 7. klasse. Eg var ikkje heilt blid for eg ville ha kjørt båt i staden for han. Eg hadde med meg ei flaske med mjølk og ho vart sur på turen. Og eg som var så forferdeleg tørst. Eg hugsar at me berre fekk lov til å ta eit måsegg frå kvart reir.
(Svein Åge Simonsen)

Haugesunds Avis

Liv Sæbø var læraren. Eg, Ester Geitung, Svein Åge Simonsen og elevar frå Hiskjo fekk vera med henne til Haugesunds Avis. Eg gjekk i fjerde klasse. Eg stod næraast dei som laga bokstavane i avisas. Så eg fekk namnet mitt som stempel. Eg trur eg har det den dag i dag. Det eg hugsar veldig godt var at eg og Svein Åge rota oss bort på eiga hand, og så gjekk det ikkje likare til enn at me måtte lata vatnet og det gjorde me inne i ein hage. Då kom det ei dame springande, og ho skjelte oss ut etter noter. Så me kom oss fort vekk derifrå. Etterpå drog me heim til Liv Sæbø på Torvastad, før me for attende til Geitung. (Tore Geitung)

Geitungs utflukter

Grethe Skimmeland og klassen var på fleire utflukter på Geitung både i og etter skuletid. Eg gjekk i 5. klasse då. Ofte var me oppe på Storhaug, eller til Rubbedalen der me brende bål. Me hadde niste med så det vart mange skiver med brunost på. Me hadde eit vedlager der, restane ligg der den dag i dag.
(Svein Åge Simonsen)

Biblioteket

Eg les alle bøkene som me hadde i skulebiblioteket. Milly Molly Mandy var den fyrste boka eg lånte med meg heim og henne les eg mange gonger. Davy Crockett var og fantastisk spennande. Ulf Brå hugsar eg som ei sterk bok.
(Solveig Geithung)

Den første boka eg les var "Det vesle eselet". Boka hadde lite tekst og mange fine fargebilete.
(Oddlaug Raake)

Eg les ut alle bøkene i skulebiblioteket. Mange av dei les eg fleire gonger. To bøker som gjorde sterkt inntrykk på meg var Frendelaus og Ben Hur. (Oddrun Geitung)

Eg les veldig lite fordi eg hadde så tungt for det. Men eg hugsar "Pollyanna", og Bøgenes sine bøker som "Tilgi meg, Fredrik" og "Sommeren med Marianne" Den boka eg hugsar best er "Den siste viking" av Johan Bojer. Læraren les henne høgt i timen. Boka gjorde eit djupt inntrykk på meg. Det same gjorde boka, "Onkel Toms hytte".
(Berit Kråkenes).

Pirquet/lækjar

Eg hadde aldri tatt pirquet før og var svært redd. Søster Anna, (Anna Sjøvold), var oppe i skulehuset og skulle ta prøven. Med det same eg kjende ho byrja, trakk eg armen til meg så eg fekk eit langt risp over heile handleden. Eg kvakk og byrja å grina. Søster Anna sa eg måtte stå stille neste gong for ho skulle ta eit risp til, og det gjorde eg.

Lækjaren, Fjørtoft, skulle lytta på meg. Me sto berre i trusa. Når lækjaren tok tak i strikken på trusa, var eg redd han skulle dra henne av meg så eg gjekk fram, men dessverre haldt han fast i trusa. Det var mange som lo og eg synst det var veldig flaukt.
(Oddrun Geitung)

(Bileta frå Tore K. Geitung)

Kjelder:

Skriftlege kjelder:

Nils Kolle: Bømlo bygdebok : band VI
Bernhard Selle: Skulesoge for Bømlo, 1998
Halvor Geitung, Haugesunds Avis, Sunnhordland Avis, Bømlo Nytt

Munnlege kjelder:

Inger Løklingholm, Godfred Geitung, Walborg Raake, Solveig Geithung, Berit Kråkenes, Kåre Grutle, Ester Geitung Larsen, Tore Geitung, Svein Åge Simonsen, Oddrun Geitung, Oddlaug Raake

Plankehytta som fekk evig liv

Av *Nils Henning Vespestad*

I riktig gamle dagar, sånn på 50-, 60- og 70-talet, spratt det med jamne mellomrom opp nye plankehütter i kvar ei grend på søre Bømlo. Ei av dei fekk evig liv på eit postkort.

- Det er løye å vera tilbake her igjen. Det er mange år sidan sist, smiler Geir Holme, på veg til skaret øvst på Eidesfjellet der ei så smått legendarisk plankehytte vart reist på første halvdel av 1970-talet. Byggherrane var Geir og kompisane Jostein Vestvik og Sigbjørn Tros, alle heimehøyrande på Øyrå og i Skitnaldalen. Hytta kan kallast legendarisk fordi den var stor og avansert etter si tid. Og fordi den vart ståande til langt ut på 1980-talet, som ein spanande leikeplass og eit turmål for barna i området. Men også fordi den vesle, men forseggjorde plankehytta kan skimtast i bakgrunnen på eit av dei få postkorta frå bygda som i mange år var i handelen. Flyfotoet av Bømlo kyrkje frå midt på 1970-talet viser også Bømlo aldersheim, husa til Betty og Olav Olson og Haldis og Georg Holme - samt den nemnde plankehytta.

- Dei har fått med dei viktigaste husa der, ja, fleipar Geir mens han vassar gjennom knehøgt gras dei siste metraene opp mot byggetomta.

Hytter både her og der

Geir og kompisane vaks opp i ei tid der det framleis var vanleg og naturleg at gutane bygde seg plankehütter rundt omkring. Gjerne fleire på ein gong, og dei skulle vere så flotte som mogleg. Også Geir og Jostein, og seinare Sigbjørn, reiste mange små og store byggverk rundt i nærområdet sitt.

- Det var Trygve Eide og Knut Arne Vespestad som var læremeistrane våre. Dei hadde ei sværa hytte i eit tre, og me var med og bar plankar og retta ut spikar for dei. Den hytta arva me, og så bygde me ein ekstra etasje på den, håttar eg. Men då trur eg me hadde fleire med oss, fortel Geir.

Material og spikar frå hytta vart sidan nytta til fleire nye prosjekt. Mellom anna laga gutane tak mellom to steinar i kleiva nestan på det høgaste av Eidesfjellet. Her vart det god plass, etter det Geir hugsar. Når han viser fram staden i dag, innser han at det må ha vore trøngt om plassen likevel.


- Me bygde hytter alle vegar. Når dei var ferdige, reiv me dei ned og bygde nye hytter andre stadar. Det var sjølve byggjeprosessen som var det kjekkaste. Eg kan ikkje hugsa at me brukte hyttene til noko særleg.

Investerte i vindauge

Ei hytte skilte seg imidlertid litt ut: Hytta på postkortet. Den vart reist kun nokre meter nedanfor den nevnte hytta i steinkleiva på Eidesfjellet. Det vil seia: Den såg opprinnelig dagens lys like ved gamleheimen, som vart bygd i 1972.

- Me hadde jo hytter alle stadar. Og me bygde ei hytte på bakken ved gamleheimen. Her dryppa det litt material og skeiv spikar på oss. Hytta var vel ikkje noko vakkert syn. Så me fekk eit forsiktig innspel om at det hadde vore fint om me flytta den. Då reiv me den og flytta den opp hit, fortel Geir. Han står no eksakt der hytta ein gong låg, og drøymer seg litt tilbake i tid. Kvifor trioen valte akkurat denne staden, kan han ikkje hugsa. Men hytta vart i allfall ute av syn for folk flest, samstundes som gutane hadde flott utsikt ned dalen mot gamleheimen, og mot Langevåg, Vold og Hovland. Hytta vart dessutan mykje betre etter flyttinga: No investerte dei tre unge byggherrane i vindauge!

- Me hadde eit byggjebudsjet som sa at alt som skulle brukas, måtte vera gratis. Men eg håttar at me hadde glas, og at me kjøpte kitt. Det gav me



Slik tok Bømlo kyrkje, Bømlo aldersheim og dei næreste nabohusa seg ut då dei vart avbilda frå lufta midt på 1970-talet. I bakgrunnen, inntil ein fjellvegg på Eidesfjellet, ligg hytta som trioen Geir Holme, Jostein Vestvik og Sigbjørn Tros bygde nokre år tidlegare. Dette postkortet var framleis i handelen både hos Peder Lønning & Co og Olav Barene inntil dei to lokalbutikkane stengte dørene for nokre få år sidan. Foto: Norrønafly

6,50 for på det gamle Senteret. Eg håttar at me syntes det var ein svær investering. Alfred Barane hadde glasskjerar, og han skar til glaset for oss. Det var svert, innrømmer Geir.

Offisiell innviing

Resultatet vart bra - og trioen var stolte av det dei hadde fått til.

- Me hadde jo bygd mange hytter, men dette var den største og sværaste som vart bygd. Dei første hyttene var jo veldig enkle i samanlikning, seier Geir. Hytta sto på søyler, slik at den ikke låg rett ned på den skrånande bakken. Det var trapp opp til inngangsdøra, og innvending vart det til og med laga ei soveavdeling. På telefon frå Sola ved Stavanger røper Jostein Vestvik at gutane slapp å fryse når dei nytta hytta:

- Me bygde hytta ved fjellveggen for å få det lunt og godt. Og me kledde veggane med pappesker for å isolera, smiler den utflytta bømlingen.

Også dei heime syntes nok gutane hadde gjort ein god jobb, ifylgje Geir:

- Me hadde innviing. Mødrene våre kom med vafler og kakao då me syntes me hadde kome i mål med hytta, og erklært den for ferdig. Det var stas!

Alle restar er borte

Straks hyttedraumen sto ferdig, dabba interessa av. Gutane vaks til, og overlot etter kvart hytta til seg sjølv. Andre i bygda skal ha "okkupert" den ei tid, men sidan sto den der til forfall, som ei slags spøkelseshytte i eit lite nytta terreng. Dette var ein spanande plass å leika - og som ein del av leiken vart restane av hytta plukka ned av unge "rivningsarbeidarar" på siste halvdel av 80-talet. Delar av hytta var allereie fjerna av andre, og sikkert nytta i nye hytter.

I dag er det ingenting på staden som tyder på at det var ei namngjeten plankehytte her inntil for 20 år sidan. Ein sti som startar på Eidesfjellet bustadfelt




Geir Holme er tilbake på hyttetomta for første gong sidan det siste Sankt Hans-bålet på Eidesfjellet vart fyrt opp like i nærleiken på slutten av 1970-talet. Då sto framleis plankehytta inntil fjellveggen i bakgrunnen. I dag er det ingen spor å sjå av hytta - kanskje med unntak av ein liten plastbit Geir finn i lyngen heilt inntil fjellveggen (innfelt). Det har ikkje vore mogleg å samla byggjetrioen til felles bilete på staden. Foto: Nils Henning Vespestad

og endar i gang- og sykkelstien forbi kyrkja, går like forbi. Det einaste framandelementet Geir finn på den tidlegare hyttetomta, er ein bitteliten plastbit.

- Denne kan jo stamma frå hytta vår. Men det står ingen navn eller andre ting på den som kan stadfesta dette, smiler Geir. Han kikkar litt rundt seg, konstaterer at hyttedagane definitivt er over, og startar turen ned frå Eidesfjellet igjen. På vegen ned røper Geir at han ikkje kjende til det nemnde postkortet, og at byggverket han var med å realisere i barndomen har pryda utallege helsingar frå søre Bømlo.

- Det er kjempestas, det. Men det var ikkje det me tenkte oss då me bygde hytta - at den skulle komma på eit postkort!

*Plankar mellom desse steinane vart eit framifrå tak, den gongen både Geir og kompisane kun var smågutar. Her låg ei av dei første hyttene deira. I bakgrunnen Kyrkjefjellet.
Foto: Nils Henning Vespestad*



Tankar om naboskap i Sollien på 50-talet

Av John Eidesvik

Frå 4 – 5 årsalderen og til begynninga av ten-åra hadde eg jamleg med Oluf Monsen å gjera. Han var kjend i bygda for sitt hissige temperament, men eg kan ikkje hugsa at han ein einaste gong heva stemma til oss ungane i nabolaget! Og underteikna gjekk for Kompis i Lien.

Tidleg på 50-talet hadde eg ein dag besøk av Alf Lodden. Me var ute og leika som vanleg, då me høyrd eit rop om hjelp. Det viste seg å koma frå Monsen. Under maling av hønsehuset hadde stigen glidd under han, og han var hamna i steinane.

Doktoren som kom gjorde ein slett jobb. Monsen vart liggjande heime med broten fot ei heil veke, før han omsider vart send til Haugesund sykehus. Resultatet var at foten måtte amputerast.

Etter dette måtte Monsen for det meste halda seg innandørs. Berre ved enkelte høve, når veret tillet det, vart han boren ut i sola. Då sat han i stolen sin, med eit pledd over beina. "Stokkebenet" som

han kalla trefoten han hadde fått, lærte han seg aldri å gå på.

Monsen var ein mann som les mykje. Ikkje mange hus i Langevåg inneheld så mange bøker som hans. Og så abonnerte han på Bergens Tidene, som kvar dag vart levert på huset av oss ungane. Lesing og kabal var dei store lidenskapane hans etter uhellet.

Fleire damer i bygda gjekk fast og hjelpte til i huset. Ho som gjekk der lengst var Martha Vestvik. Men då gamleheimen på Svortland opna, vart han flytta dit. Eg var med og besøkte han fleire gonger. Og det eg hugsar best var at han kvar gong spurde etter kortstokken sin, så han kunne leggja kabal. Men det var ikkje så enkelt. Kortstokk var ikkje ein del av inventaret på gamleheimen i dei dagar, og slett ikkje noko gamle folk skulle bruka tida si på. Her vart han motarbeidd av indremisjonsfolket så vel som av presten. Men Monsen gav seg ikkje lett, og til slutt fekk han kortstokken sin. Men då hadde det gått nesten 2 år!!



*Sollien der Oluf Monsen budde. Ved bryggja austanfor huset hans ligg "Bømmelfjord".
Foto frå Trygve Lønning*

Klassebilete frå 1957



Framme f.v.: Hildur Vespestad, Kirsten Åse Tollevik, Ragnhild Monsen. Rekkje nr. to: Bjørg Vold, Hanna Dagsland, Ester Johanne Hovland, Erna Vespestad. Rekkje nr. tre: Bernhard Walter Hovland, Sigmund Eide, Odd Lønning, Arne Johan Knutsen, Bernt Strand. Bak: Rolf Magne Lodden, Einar Kallevåg, Hilmar Johnsen, Ivar Vespestad. Lærar Knut Brakestad. Foto frå Einar Kallevåg

Før og no



Det øverste biletet er tatt av Ingeborg Olson, etter alt å døma frå eit av vindauge i Olsahuset. Som ein ser var det mykje trafikk på vegne den dagen biletet vart tatt. Det er usikkert kvifor det er så mange bilar og folk på vegne, men det kan vera i anledning Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonsskipnad sitt årsmøte som vart avvikla ved Hillestveit skule i 1963.

Biletet under viser utsikten frå Olsahuset i dag.





Garden Hovland rundt 1950. Foto frå Ingvald Hovland

Biletskanning, formgjeving og sideombrekking:
Bernt Emil Vika
Trykkeri:
Leirvik Trykkeri, Stord
Opplag:
800 stk.